

# MASFJORDINGEN



Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet  
i samarbeid med Masfjorden kommune



M  
A  
S  
F  
J  
O  
R  
D  
I  
N  
G  
E  
N



---

# GUDSTENESTER

## 14.juni

Solheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

v/prest Øystein Skauge og organist Boris Kuprijanov

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

## 28.juni

Dagsturhytta Fjordblikk på Grøttneset kl.11:00

Friluftsgudsteneste

v/vikarprest og organist Boris Kuprijanov

Takkoffer Kirkens Nødhjelp. Kyrkjekaffi

Ved dårleg ver kan gudstenesta bli flytta til Sandnes kyrkje.

Følg med på kyrkja si nettside/fb-side for endeleg beskjed.

## 29.juli

Fjon fjellkyrkje kl.18:00

Olsokfeiring med fellesgudsteneste for Nh prosti

v/soknepresten i Radøy, Torbjørn Sæle

og organist William Kay.

Sal av rømmegraut og kaffimat. Åresal.

## 02.august

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med dåp.

v/prest Håkon Kinsarvik og organist Boris Kuprijanov.

Kyrkjekaffi.

## 16.august

Sandnes kyrkje kl. 11:00

SUPERSØNDAG. Konfirmantpresentasjon.

Utdeling av bok til 6-åringene.

v/sokneprest Bjørn Dalsgård Nygård og

organist Boris Kuprijanov. Kyrkjekaffi.

## 23.august

Stordalen fjellstove (ute) kl. 15:15

Friluftsgudsteneste i samband med Bjørn West-marsjen.

v/sokneprest Bjørn Dalsgård Nygård og

organist Boris Kuprijanov.

## 30.august

Solheim kyrkje kl. 11:00

SUPERSØNDAG. Konfirmantpresentasjon.

Utdeling av bok til 6-åringene.

v/sokneprest Bjørn Dalsgård Nygård og

organist Boris Kuprijanov.

Kyrkjekaffi.

*Foto framside: Torbjørn Sæle (Fjon fjellkyrkje) og  
Mary Hope*

## 30.august

Frøyset kyrkje kl. 14:00

SUPERSØNDAG. Konfirmantpresentasjon.

Utdeling av bok til 6-åringene.

v/sokneprest Bjørn Dalsgård Nygård og

organist Boris Kuprijanov.

Kyrkjekaffi.

## 6.september

Alversund kyrkje kl. 17:00

Bjørn Dalsgård Nygård blir vigsla til prestetenesta.

## 20.september

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/sokneprest Bjørn Dalsgård Nygård og  
organist Boris Kuprijanov.

50-årskonfirmant markering. Kyrkjekaffi.

## 27.september

Solheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/sokneprest Bjørn Dalsgård Nygård og  
organist Boris Kuprijanov.

Kyrkjekaffi.

## 27.september

Granneheimen kapell kl. 18:00

Gudsteneste v/sokneprest Bjørn Dalsgård Nygård og  
organist Boris Kuprijanov.

Kyrkjekvelds.

*Det kan koma endringar.*

*Oppdatert informasjon om gudstenestene i*

*Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida vår:*

*[www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no)*



*Sandnes kyrkje. Foto: Eli Eidsnes*

# KYRKJELEGE HENDINGAR

## DØYPTE

Frøyset kyrkje

**07.06.2026 Lilly Isabel Rambjørg**

Foreldre: Evelyn Langøy og Glenn Breidvik Rambjørg

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.*

## VIGDE

23.05.2026

Frøyset kyrkje

**Juna-Iren Sleire-Ynnesdal og Glenn-Ove Andvik**

Sandnes kyrkje

23.05.2026

**Karin Strømmen og Jostein Fjellby**

*Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og onde dagar set si lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.*

## DØDSFALL

24.03.2026 Arvid Johan Andersen, f. 1938

30.04.2026 Eldbjørg Vabu Nilsen, f. 1940

11.05.2026 Augun Laurits Haugsvær, f. 1944

30.05.2026 Kjell Arvid Merkesdal, f. 1953

*Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.*



## Bli med på olsokfeiring på Fjon!

Det er lang tradisjon for at folk for heile Nordhordland samlast til **olsokfeiring på Fjon fjellkyrkje 29. juli.**

I år er det Radøy sokneråd som i samarbeid med styret for Fjon fjellkyrkje har ansvaret for arrangementet.

Årets olsokfeiring startar med gudsteneste kl. 18.00 ved sokneprest på Radøy, Torbjørn Sæle og organist William Kay. Deretter vert det servert rømmegraut med tilbehør, kaffi og kaker, og det blir sjølvsaft åresal med fine gevinstar! Kvelden avsluttast ute ved bålpanna for dei som ønskjer det. Vi håpar mange vil ta turen til fjellkyrkja 29. juli også dette året.

Olsokfeiringa på Fjon har tradisjon langt tilbake og har blitt eit fint samlingspunkt sommarstid. Samstundes er dette ei viktig inntektskjelde for fjellkyrkja. Dei siste åra har det vore gjort fleire kostbare oppussingsprosjekt med både nye dusjar og nye lampar. Det er alltid mogleg å gje ei gåve til Foreininga Fjon fjellkyrkje på Vipps 945857.

Har du lyst og høve til å bidra i samband med årets olsok-feiring 29. juli? Det trengs folk til å dekkja bord, baka ei kake, vera parkeringsvakt, røra i grauten, servera mat, vaska opp, passa bålpanna m.m. Har du lyst å bidra med noko, ta gjerne kontakt på epost eller sms til Grethe Lunde, gl877@kyrkja.no, 906 13 452. Sjåast på Fjon onsdag 29. juli kl.18!

Tekst: Torbjørn Sæle

**Olsokfeiring**  
for heile Nordhordland

**Fjon fjellkyrkje**  
onsdag 29. juli 2026 kl. 18.00

- Gudsteneste ved Torbjørn Sæle og William Kay
- Sal av rømmegraut og kaffimat (150 kr)
  - Åresal
- Avslutning ved bålpanna

Arr.: Kyrkja i Nordhordland ved Radøy sokn i samarbeid med styret for foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter

# Sommarkyrkja i Nordhordland prosti 2026

## Austrheim

21.06 Austrheim 12:00  
19.07 Austrheim 17:00  
16.08 Fønnes kai 12:00  
30.08 Austrheim 12:00

## Fedje

19.07 Fedje 12:30  
16.08 Fedje 16:30  
30.08 Fedje 16:30

## Gulen

19.06 Pilgrimsgudsteneste  
Solibotn - Gulen  
21.06 Gulen 11:00  
21.06 Mjømna 17:00  
01.07 Gulen 19:00  
08.07 Brekke 19:00  
15.07 Mjømna 19:00  
16.08 Gulen 11:00  
16.08 Mjømna 16:00  
16.08 Brekke 19:00  
30.08 Gulen 11:00

## Knarvik

21.06 Knarvik 11:00  
28.06 Alversund 11:00  
05.07 Knarvik 11:00  
12.07 Seim 11:00  
19.07 Knarvik 11:00  
26.07 Alversund 11:00  
02.08 Seim 11:00  
09.08 Knarvik 11:00  
16.08 Knarvik 11:00  
23.08 Knarvik 11:00  
30.08 Seim 11:00  
30.08 Knarvik 18:00  
Solidaritetsgudsteneste

## Lindås

21.06 Myking 11:00  
12.07 Lindås 11:00  
16.08 Lindås 11:00  
23.08 Myking 11:00  
30.08 Lindås 11:00

## Masfjorden

28.06 Dagsturhytta i  
Grøttneset 11:00  
29.07 Fjon fjellkyrkje  
18:00 Olsokstemne  
02.08 Frøyset 11:00  
16.08 Sandnes 11:00  
23.08 Stordalen fjellstove  
15:15 Friluftsgudst.  
Bjørn West marsjen  
30.08 Solheim 11:00  
30.08 Frøyset 14:00

## Meland

21.06 Meland 11:00  
Søndagsåpent  
28.06 Meland 11:00  
05.07 Meland 11:00  
12.07 Meland 11:00  
19.07 Meland 11:00  
26.07 Meland 11:00  
02.08 Meland 11:00  
09.08 Meland 11:00  
16.08 Meland 11:00  
23.08 Meland 11:00  
Løvegjenggudsteneste  
30.08 Holmeknappen 11:00  
Friluftsgudsteneste

## Mo

21.06 Mo 11:00  
05.07 Mo 16:00 Trekkspel-  
gudsteneste  
23.08 Øvre Helland bede-  
hus 11:00  
Familiegudsteneste

## Osterfjorden

26.07 Ostereidet 11:00  
09.08 Vike 11:00  
16.08 Askvik kapell 11:00  
100 års jubileum  
23.08 Hjelmås 16:00  
30.08 Ostereidet 11:00

## Radøy

21.06 Manger 11:00  
28.06 Hordabø 11:00  
05.07 Emigrantkyrkja 11  
Utvandringsfestival  
12.07 Manger 11:00  
02.08 Manger 11:00  
09.08 Hordabø 11:00  
16.08 Manger 11:00  
23.08 Sæbø 11:00  
30.08 Manger 11:00

## Solund

21.06 Husøy 12:00  
28.06 Hersvik 11:00  
28.06 Solund 16:00  
12.07 Solund 11:00  
19.07 Indrevær bedehus  
13:00  
02.08 Husøy 12:00  
23.08 Solund 11:00  
30.08 Hersvik 11:00  
30.08 Husøy 15:30

## Open kyrkje

**Fedje kyrkje** 22. juni – 16. august kl. 10-20.  
**Brekke kyrkje** 1. juli – 31. juli kl. 10-18.  
**Gulen kyrkje** 1. juli – 16. august kl. 10-18.  
**Lygra kyrkje:** 11., 12., 18., 19., 25. og 26. juli, kl. 12-16.  
Open kyrkje og utstilling med Ingvild Skår, Mailinn Bergås  
Hatten, Synnøve Sellevold og Inger Sellevoll.

## Pilgrimsgudsteneste

**19. juni Pilgrimsgudsteneste** med Einar Vegge – vandring frå  
Solibotn kl. 18:15, gudsteneste Gulen kyrkje kl. 19:30, føre-  
drag og kveldsmat.

## Olsokstemne

**Fjon Fjellkyrkje onsdag 29. juli kl. 18** Gudsteneste v/ Tor-  
bjørn Sæle og William Kay. Sal av rommegraut/kaffimat, åre-  
sal og litt program, avslutning ved bålpanna.

## Solidaritetsgudsteneste

**30. august Knarvik kyrkje kl. 18** v/ Cathrine Grutle. Gjest:  
Kjersti Toppe.

## Konsertar

**21. juni Fedje kyrkje kl. 16.30** Eg har ein engel - frå Bach til  
Kleppveik med Ivar Mæland og Malgorzata Tveit.

**Sommarmusikk i Meland kyrkje**, torsdagar kl. 12 på  
følgjande dagar: 25/6, 2/7, 9/7, 16/7, 23/7 og 30/7.

**27. juni Knarvik kyrkje kl. 17** Konsert m/ SKRUK og mili-  
tærkoret LOVA frå Madagaskar.

**11. juli Myking kyrkje kl. 18** Konsert med Malgorzata Anna  
Tveit.

**15. juli Meland kyrkje kl. 19** Musikkandakt. Domkirke-  
organist Sigurd Melvær Øgaard.

**16. juli og 13. august Fedje kyrkje kl. 12.** Lunsjkonsert med  
Jostein Hauge.

**22. august Solund kyrkje kl. 17:30** Konsert ved Sigvart  
Dagsland.

**26. august Meland kyrkje kl. 19** Musikkandakt. Solveig  
(sang) og Andreas Westermoen (piano)

**27. august Knarvik kyrkje kl. 19** "Dar gjekk dampen, men  
her kjem vi." Arr.: Nordhordland musikkteater/KnarvikMila.



Fjon fjellkyrkje

[www.skjerikyrkja.no](http://www.skjerikyrkja.no)

Her finn du oversikt over kyrkjelege arrangement i heile  
landet. Slik kan du halde deg oppdatert på kva som skjer  
i kyrkjelyden der du bur eller der du er på ferie.



DEN NORSKE KYRKJA



# Barnas

## Finn 5 feil

Disse to bildene er nesten helt like. Klarer du å finne 5 feil på bildet under?



Tegning: Aleksei Bitskof



## Ordsøk

I rutenettet gjemmer det seg 10 land. Let bortover og nedover. Klarer du å finne alle?


S	V	D	E	Y	L	F	B	Z	E
V	Z	A	V	K	F	R	E	P	T
E	N	N	X	C	I	A	L	K	Y
I	D	M	L	N	N	N	G	I	S
T	Z	A	K	O	L	K	I	T	K
S	I	R	L	R	A	R	A	A	L
V	N	K	U	G	N	I	K	L	A
Q	L	D	T	E	D	K	C	I	N
S	V	E	R	I	G	E	P	A	D
Y	P	S	E	N	G	L	A	N	D

## Labyrint



Tegninger: Chiara Bertelli

Filip fortalte om Jesus til mange som han møtte. En av de han møtte var en etiopisk hoffmann. Hjelp Filip med å finne veien til ham.



Gi bladet Barnas til et barn du er glad i!

Disse oppgavene er hentet fra bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00

## Vitser:

- Hunden min har ingen nese.
- Hvordan lukter den, da?
- Forferdelig.

Hvilken hage skal ikke vannes? Barnehagen!

---

# GOD LAGÅND

Dei av oss som er glad i fotball har nokre fantastiske og underlege dagar no i juni. ME ER I VM!!! Norges landslag ser ut som ein million. Me slo Sverige på Ullevål før avreisa til VM i USA. Kor lenge varer eventyret?

Kva er det mystiske som har skjedd? At landslaget spelar festfotball og vinn og vinn? «No er me i eitt lag som står opp for kvarandre. Me er ein samla gjeng som trivast i lag. Relasjonane sitter», kan me høyre.

SÅ mykje betyr god lagånd. God lagånd er viktig i korpset, i det lokale idrettslaget, på skulen... Det er flott å vere eit lag og eit stort fellesskap. Eit mangfaldig fellesskap. Også i kyrkja: Eldre, dåpsbarn, konfirmantar, småbarnsforeldre, menn som likar å synge i kor, damer som likar å spele i korps, skeive, streite og menneske frå alle verdas kantar. Dette er eit lag eg vil vere ein del av!

Men, så er jo kyrkja så mykje meir enn eit landslag i fotball. Vi er ein del av ei kyrkje som er utbreidd over heile kloden. Ei verdsvid kyrkje!

I kyrkja har me ikkje berre god lagånd. Me har Den heilage ande som bles Guds livspust inn i kvar enkelt av oss og sameinar oss i trua på Gud. SÅ mykje betyr Den heilage ande for kyrkjefellesskapet.

Greia med Gud skaparen og Jesus frelsaren er mogleg å begripe. Men det med Den heilage ande er verre!

Presten og forfattaren Knut Grønvik har gjeve eit fint bidrag til å forstå dette. I magasinet Strek for nokre år sidan delte han sine tankar om korleis Heilaganden viser seg i menneskelivet i sju teikn.

Det første teiknet er **pusten**. Åndedrettet. Heilt frå Gud bøygde seg ned og blåste livspust i mennesket, har me pusta. Me kan gjenkjenne Gud i vårt eige åndedrett.

Det andre er **vinden**. I Apostelgjerningane kan me lese: Då pinsedagen kom, var alle samla på ein stad. Brått let det frå himmelen som når ein sterk vind blæs. Den heilage ande er i vinden - forfriskande og svalande, men også ustyrlig.

Det tredje teiknet er **elden**. Varme. Lys. Kraft. Styrke.

Det fjerde er **vatnet**. Men ei kjelde kom opp av jorda og vatna heile jordoverflata (1. Mos 2,6). Jesu dåp. Vår dåp. Ei kjelde til liv. Til frelse.



Det femte teiknet er **gjevaren**. Den opne handa som gjev. Me har fått livet i gåve. Av Gud. Me er skapt. Me skal sleppe å streve etter å skape oss sjølve. Tenk kor frigjerande det ville vere for mange unge menneske å oppdage det. Å sleppe å vere sine eigen skapar!

Det sjette er **vegleriaren**. I 1 Mos 16 kan vi lese om Sara si tenestekvinne, som rømde ut i ørkenen etter ein konflikt med Sara. Men Hagar vart funnen av Gud. Og Han viste henne vegen tilbake. Heim. Og Hagar svarte med å gje Gud eit vakkert namn: Du er ein Gud som ser meg, og som viser meg veg. Som bryr deg om kvar eg tek vegen.

Det sjuande teiknet er **trøystaren**. Ei venleg hand på skuldra. Tårer som vert tørka. Gode ord som vert kviskra. Som ein talsmann. Som står ved vår side. Gjennom sju teikn lærer me at Den heilage ande ikkje slår om seg med mange ord. Knappt noko ord i det heile. Den heilage ande er stillferdig.

Sju teikn som alle ber Guds kjærleik i seg. For Den heilage ande ER kjærlighet. Den heilage ande ER fellesskap. Me er alle del av eit lag, ei bygd, eit nabolag, eit korps, ein kyrkjelyd, eit fotballag, som har det enkle oppdraget å bygge fellesskap og vise kjærleik. Til kvarandre. Til dei me møter. Og ikkje minst: Å skape noko saman. For eksempel fantastisk fotballglede og stolthet.

Og om Guds kjærleik er til forveksling lik den menneskelege kjærleiken me alle erfarer eller lengtar etter i livet, så er det heilt sant. ALLE menneske er skapte i Guds bilde. Me har ALLE fått del i Guds kjærleik. Me har ALLE fått evna til å elske. Lat oss bruka den flittig!

Me ynskjer kvarandre lukke til i VM og god sommar!

Helge Taranrød, Prost i Nordhordland  
Foto: [www.fotball.no](http://www.fotball.no)

---

# GUDSTENESTER I FERIEEN

Sommaren er ei tid der det gjerne ikkje er like mange gudstenester i kyrkjene våre i Masfjorden. Og mange faste aktivitetar du gjerne er med på elles i året, har tatt sommarferie.

Men kanskje skal du reise på ferietur i Norge i år? Då kan det være kjekt å besøkje nokre av dei mange flotte kyrkjene me har rundt om i det flotte landet vårt. Og du finn ofte informasjon om kor tid det er gudstenester, konsertar eller open kyrkje på nettstaden «skjerikirken.no». Her kan du søkje på staden du vil vite om har aktivitet, og få opp kva som skjer i kyrkja der. Eller kva med å ta småturar i nærmiljøet? Kanskje til ei gudsteneste i nabokommunen, kombinert med ein tur, besøkje kjente, eller ete middag på ein kafé. Dette kan og være flotte sommaraktivitetar.

Oversikt over sommargudstenestene i Nordhordland finn du her i bladet. Og har du feriegjestar hjå deg i sommar, er dei sjølvsagt hjarteleg velkomen til våre gudstenester i Masfjorden. Ta dei med og vis våre flotte kyrkjer, og del vårt gudstenestefellesskap med andre.

Riktig god sommar alle saman!

Tekst: Kyrkjeverje Eli Eidsnes

---

# SOMMARHJELPEN ER PÅ PLOSS

Det er mykje som skal gjerast rundt kyrkjene og på gravplassane om sommaren.

Så me er glad for å ha fått tilsett ein sommarhjelp som kan hjelpe til med dette.

Serhii Puliaiev er no i gang med nødvendig vedlikehald, og skal jobbe rundt om gjennom sommaren. Første prosjektet er å klargjere gjerdet rundt gravplassen på Solheim for maling.

Serhii kom frå Ukraina då krigen braut ut og bur på Hosteland med familien sin. Han er glad for no å vere i gang med sommararbeidet.

Me ynskjer han lykke til med arbeidsoppgåvene og håpar på betre sommarver etter kvart.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjeverje



---

# SÅ ER HELGA BLITT PREST



24.mai - fyrste pinsedag – vart Helga Ekehaug ordinert til prest. Dette skjedde på ei særskilt innsetjingsgudsteneste i Eidsvåg kirke i Bergen, der Helga no er tilsett som kapellan. Sjølvse seremonien knytt til innsetjinga var ein symboltung og vakker seremoni, leia av biskop Ragnhild Jepsen og med deltaking av gamle og nye kollegaar og medarbeidarar.

Etter seremonien fekk Helga på seg ein stola som eit synleg teikn på at ho no er ein del av prestestanden i Den norske kyrkja. Deretter var det dukka for Helga sin fyrste tale som vigd prest. Seinare i gudstenesta leia ho nattverdsmåltidet i lag med biskop Ragnhild.

Då gudstenesta var over, var alle inviterte til ein “utvida kyrkjekaffi” i kyrkja sin menighetssal. Der fekk folk høve til å kome med helsingar til Helga, og det skulle syne seg at det var mange som hadde mykje på hjartet – noko som ikkje var så rart for oss som fekk høve til å høyre alle dei gode orda som vart sagt.

På vegner av fellesrådet i Masfjorden fekk eg høve til å vidareformidle fylgjande samrøystes vedtak frå fellesrådet sitt møte den 19. mai:

“Fellesrådet i Masfjorden vil på denne måten gratulere deg, Helga, med ordinasjonen til prest, og sende deg våre beste ynskje for den gjerninga du no har gått inn i.

Vi er trygge på at du vil fylle den nye rolla di med den same gode entusiasmen som du la for dagen i arbeidet som trusopplærer i Masfjorden.”

Eg vil tru at det er langt fleire enn medlemene i fellesrådet som kan slutte seg til denne helsinga.

Tekst og bilete: Rune Garmann



# NY SOKNEPREST I MASFJORDEN

Bjørn Dalsgård Nygård (56) frå Alversund er tilsett som ny sokneprest i Masfjorden. Han kjem frå stillinga som prestevikar i Radøy og har med seg brei røynsle frå kyrkjeleg arbeid.

Nygård er opphavleg kateket og har tidlegare jobba i Bergen og Alver kyrkjelege fellesråd. Dei siste fire åra har han utdanna seg til prest ved Menighetsfakultetet, og går no inn i si første faste teneste som sokneprest. Dette skjer frå 15. juni av.

Han er vaksen opp på Sunnmøre, men har budd i Alversund i fleire år. Bakgrunnen sin har han frå KFUK/M-miljøet, då gjennom speidar og Ten Sing arbeid. Tenesta i kyrkja starta som ungdomsarbeidar i Spjelkavik kyrkjelyd.

Tidlegare i år hadde han stiftspraksis i Masfjorden, som de kunne lese om i sist nummer av Masfjordingen. Den 6. september blir han vigsla til prest i Alversund kyrkje. Nygård tar til for fullt i Masfjorden i midten av august.

Tekst: Prost Helge Taranrød  
Foto: Ragnhild Tveranger



## VIL DU JOBBE I KYRKJA I HAUST?

**Kunne du tenka deg å jobbe for at barn og unge skal få vere med på fine aktivitetar i kyrkja, og lære den kristne tru og tradisjon å kjenne?**

Me har ledig stilling som kyrkjelydsarbeidar i 50-70%, og ser etter aktuelle personar som vil jobbe med dette for lengre eller kortare tid. Så her kan det vere aktuelt med både fast tilsetjing, eller nokon som kan hjelpe til med enkelte prosjekt som tårnagenthelg, familiegudstenester, leiararbeid og barnehagebesøk.

Om dette høyrer spanande ut; ta kontakt med underteikna eller soknerådsleiar Rune Garmann.

Me ser og etter nokon som vil ta på seg det praktiske arbeidet med reinhald, tilsyn og praktisk tilrettelegging ved gudstenester og andre aktivitetar i Solheim kyrkje. Stillinga som kyrkjetenar er ein fleksibel og viktig jobb, og me håpar nokon kan kjenne at dette er ein interessant liten jobb for dei. Om du ikkje vil binda deg til alle søndagane det er gudsteneste (ca. ei i md) kan gjerne fleire dele på ansvaret. Ta kontakt med kyrkjevevja om du vil høyre om dette er noko for deg.

Tekst: Kyrkjevevje Eli Eidsnes

# OM Å VERE KLOKKAR

Å vere klokkar inneber to enkle oppgåver:  
Å lese ein del ferdigskrivne tekstar – kunngjeringar, bibelsitat og bønner – og å bistå presten med det praktiske i samband med nattverden. Men sjølv om oppgåvene ikkje er spesielt krevjande, er dei likevel viktige: Er der ein medhjelpar for presten, får ein litt meir variasjon i gjennomføringa av gudstenesta, og ikkje minst gjer det gjennomføringa av nattverden enklare.

I Sandnes kyrkje har vi ei god ordning for klokkartenesta. Der har Sandnes skulemusikk teke på seg ansvaret for dette, og stiller med folk. Desse gjer ein utmerka innsats.

I Solheim og Frøyset kyrkjer er situasjonen annleis. Der har vi ikkje lenger ei tilsvarande ordning til den i Sandnes kyrkje. Resultatet er at klokkartenesta i desse to kyrkjene er blitt utført på dugnad, stort sett av den same personen på kvar stad.

Dette har i og for seg fungert fint, men ordninga er sårbar. For kva om vedkomande ikkje har høve til å stille?

Difor er det eit ynskje om å få med fleire til å dele på desse oppgåvene. Dess fleire, dess betre.

Kunne dette vere ei oppgåve du kunne tenkje deg å bidra til å løyse? Om ikkje så ofte, så i alle fall ein og annan gongen? I så fall er det fint om du let høyre frå deg. Du kan ta kontakt med kyrkjevevja vår, Eli Eidsnes, anten pr. telefon 5616 6261, eller via e-post kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no.



Og skulle du lure på om du er brukande til slikt, så gløym janteloven. Du er heilt sikkert meir enn bra nok!

Illustrasjonsbiletet er eit utsnitt av eit måleri av Adolph Tidemand:

“Gudstjeneste i en norsk landskirke”.  
(Eigar: Nasjonalmuséet.) Her ser vi kyrkjesongaren (eller klokkaren) i fri dressur. Ein skal merke seg at det er ingen krav om songstemme for å vere klokkar.

Tekst og foto: Rune Garmann

## TAKK FOR DI STØTTE

Takk til alle som har støtta årets fasteaksjon, og som tok godt imot konfirmantane våre når dei kom på dørene med innsamlingsbøsser 23.-24.mars.

Totalt er det samla inn 46.909 kroner i Masfjorden på Vipps og kontantar på bøssene.

Om du ikkje var heime, kan du framleis gje ei gåve til Kirkens nødhjelp sitt vipps nr. 2426, og vere med å gje tilgang til reint vatn til folk som treng det i verda. Pengane som vart samla inn i Masfjorden gjev 156 menneske tilgang til reint vatn resten av livet. Takk for di støtte.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje



---

# BARNEFOREININGSBASAR

I kyrkjelydssalen i Sandnes kyrkje møttest barneforeiningsborn omtrent ein gong i månaden for å laga gevinstar til basar, høyre om Jesus og kose seg saman.

Det er Ellen Andvik og Eldbjørg Mjanger som er leiarar for foreininga som er tilslutta NMS - Det Norske Misjonselskap. Dette er ei foreining med lange tradisjonar på Sandnes.



Med god hjelp frå foreldra til borna, vart det også i år laga til basar på våren. Denne gongen vart den skipa til i Fjon grendahus.

Underteikna var spurt om å delta på basaren, og snakka litt om misjon og NMS sitt arbeid i Thailand, som er det arbeidet denne barneforeininga støttar. Eg fortalte om arbeidet som vert gjort for barn og familiar, spesielt i dei fattige delane av Thailand.

NMS-U ynskjer å bidra til at barn og unge skal få eit lokalt og globalt misjonsengasjement gjennom å dele tru, tid, ting og talent. Og det hadde barneforeininga på Sandnes gjort gjennom året. Her brukar både store og små si tid og talent på å skape gode foreiningsmøte og ein flott basar.

På basaren var det mange som hadde gjeve flotte ting i form av gevinstar. Og dei framførte var flinke til å kjøpe årar, i tillegg til at det var seld lodd på loddboka før basaren. Og pengar er også ting som ein kan dele. Overskotet frå basaren vart kr. 20.150,- som vart sendt NMS. Desse pengane kjem til god nytte når NMS saman med Den evangeliske-lutherske kyrkja i Thailand skal jobba med prosjekt som gjev barn tryggleik, utdanning og vern mot menneskehandel. Og bak arbeidet både på Sandnes og i Thailand står det folk som vil dele si tru, og som synest det å hjelpe andre er viktig.

Eg fortalde og at eg sjølv hadde fått vore med i ei NMS barneforeining då eg var lita jente, då mora mi Arnhild hadde barneforeining heime hjå oss i Indre Haugsdal. Den blei nok drive ganske likt som foreininga på Sandnes, med mat, handarbeidsaktivitetar, song og forteljingar. Og sjølv sagt med basar! Dette var nok med å la grunnlaget for misjonsengasjementet i vaksen alder, der eg no er med i NMS sitt områdeutval i NH.



*Glade vinnarar kosar seg på basar. Berit prøver den lille sommarhatten ho har vunne, og Lillian ventar på levering av sin gevinst.*

Til dei eg sat på bordet med denne onsdagen fortalde eg at eg ikkje pleier å ha vinnarlykke på basar. Men etter kvart som mange av mine tal på årane vart leste opp, lo dei berre av det. For denne kvelden hadde eg verkeleg vinnarlykke, og kom heimatt med mange fine gevinstar. Så eg kan varmt anbefale å gå på barneforeiningsbasar på Sandnes! Både kjekt, god mat, hyggeleg selskap og ...vinnarlykke... om du er like heldig som eg var i år.

Tekst og foto: Eli Eidsnes

# KONFIRMANTAR 2026



Sandnes kyrkje, foto: Halvard Gullaksen

Frå venstre:

Bjørn Magne Hansen, Emil Lahti Fjellby,  
Lucas Hindenes Nepstad, Elina Hansson og  
Andrea Lahti Fjellby

Solheim kyrkje, foto: Eli Eidsnes

Framme frå venstre: Bjørn Magne Hansen og Augusta Oline Berg

Bak frå venstre: Viljar Nyhavn Matre-Grasdal, Lukas Venklauskas Trædal  
og Håkon Kjetland



Frøyset kyrkje, foto: Gøril Sætre

Framme frå venstre:

Bjørn Magne Hansen,  
Nora Kristine Reknes Larsen,  
Adelen Eileen Palmer Andersen,  
Ella Ynnesdal Hansen,  
Otilie Eriksrud Riisnes  
Midten frå venstre:  
Thea Birkeland-Soma,  
Melina Matre,  
Sofie Halsvik Nordli,  
Lisa Marie Kvamsdal,  
Paula Kenigvalde og  
Isabell Krokås Birkeland

Bak frå venstre:

Leif Henning Larsen-Andersen,  
Simon Sylta Birkeland,  
Olve Oppedal,  
Ole-Martin Haveland Molland og  
Jan-Harry Rambjørge Myklebust

---

# KONFIRMANTFEST PÅ FJON



Onsdag 3.juni var årets konfirmantar saman med føresette inviterte til konfirmantfest på Fjon Fjellkyrkje slik tradisjonen har vore i fleire år. Festen var ei gåve frå soknerådet, og er ein kveld med middag, kakebord, helsingar, litt mimring, leik og song. Dei som har jobba med årets konfirmantar var og med.

Dette blei ein kjekk kveld og ei fin avslutning på konfirmantåret. Medlemmene i soknerådet gjorde ein flott innsats med det praktiske og kakebaking, og fleire av gjestane takka etterpå for ein koseleg kveld saman.

Me vil takka årets konfirmantar for ei fin konfirmant-tid saman, og ynskje dei lykke til vidare i livet. Og hugs; de er alltid velkomen i kyrkja i Masfjorden.

## Vil du være konfirmant i 2027?

Neste vår kan dei som er fødde i 2012 feire konfirmasjon i Sandnes, Solheim eller Frøyset kyrkje.

Torsdag 13.august kl.18-19 vert det felles orienteringsmøte for nye konfirmantar med foreldre/føresette i Frøyset kyrkje ved sokneprest Bjørn Dalsgård Nygård.

Påmeldinga til konfirmantåret skjer på kyrkja si nettside [masfjorden.kyrkja.no](http://masfjorden.kyrkja.no).

Dei nye konfirmantane vert presenterte på «Supersøndag» i «si» lokale kyrkje:  
16. august i Sandnes kyrkje kl. 11.00  
30. august i Solheim kyrkje kl. 11.00  
30. august i Frøyset kyrkje kl. 14.00

Konfirmasjonsgudstenestene vert i:  
Sandnes kyrkje 25. april 2027  
Solheim kyrkje 2. mai 2027  
Frøyset kyrkje 9. mai 2027

Tekst og foto: Eli Eidsnes

# NYTT KRIGSGRAVMINNE PÅ SOLHEIM

Som mange veit er det på Solheim gravlagt 4 sovjetiske krigsfangar som døydde i fangeleiren på Matre under 2.verdskrig.

17.mai kvart år har nokre av årets konfirmantar lest dikt og lagt ned blomar på desse gravene og på Torgeir Stordal si grav. Denne minnemarkeringa vart også gjort i år.

Før me gjekk ut av kyrkja etter gudstenesta informerte kyrkjeverja om ei endring som er gjort med gravminne til dei sovjetiske krigsfangane.

- Dei 4 gamle gravsteinane til dei sovjetiske krigsfangane har i vår blitt erstatta med eit nytt gravminne. Dei gamle steinane låg samla på bakken, og i åra som har gått har desse blitt forringa og etter kvart var dei vanskelege å lese. Det viste seg at opp-pussing ikkje var nok for å hjelpe på dette.

Alle sovjetiske krigsgraver i Norge vert forvalta av norsk myndighet. Det er KRIGSGRAVTENESTEN i Kultur- og likestillingsdepartementet som har bestemt at det beste var å erstatta dei gamle steinane med eit felles ståande gravminne, som er lettare å vedlikehalda. Og det er dei som har ordna og betalt for dette.

Forsking ved Falstadsenteret har påvist at to av namna på dei gamle steinane var litt feil, og det nye gravminne er oppdatert



med rette namn og årstal på fangane, slik det er kome fram under forskinga deira.

Tekst og foto: Kyrkjeverje Eli Eidsnes

## GRAVER UTAN FESTEANSVARLEG

Me vil minne om at det alltid skal være ein ansvarleg for ei grav, ein såkalla «festar».

Når ein festar dør, er det familien (dødsbuet) sitt ansvar å bli einige om kven som skal overta ansvar for gravene denne personen stod som festar for, og gje beskjed til kyrkjeverja om endringa.

Innimellom finn me graver i systemet som ikkje har festar, eller der me får opp at registrert festar er død. Då blir gjerne desse gravene merkt med raud lapp. Me ynskjer på denne måten å få kontakt med andre som går til, eller steller denne grava, for å få vite om den fortsett skal være der, og kven som skal overta festeansvaret.

Å være festar for ei grav gjev både rettigheit og plikter. Rett til å bestemme over grava, gjenbruk, kor lenge den skal finnast og liknande. Og plikt til å sjå at gravminne er i orden, at plantar ikkje er for høge, og evt. betale festeavgift om det er ei betalingsgrav.

For oss er det viktig å ha ein festar med rett kontaktinformasjon om me treng gje beskjedar som gjeld grava eller gravplassen.

Tekst: Kyrkjeverje Eli Eidsnes

# MIN SALME



Den salmen eg er mest glad i er «Navnet Jesus blekner aldri».

Salmeboka nr 86. Salmen er laga av David Welander i 1923, melodien er frå Zulukirken.

Bakgrunnen for at han skreiv salmen er eit vers i Bibelen frå Salme 72,17 : «Hans navn skal bli til evig tid. Så lenge solen skinner, skal Hans navn skyte friske skudd».

For meg er teksten i dei tre versa veldig gode. Det er ein salme eg ofte høyrer på.

Ei mektig oppleving var det å høyra ei fullsett kyrkje på Haydom i Tanzania syngja Navnet Jesus på Zwahili.

Til slutt vil eg sei som det står i salmen: «Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan» .

Helsing Johannes Øpstad

1 Navnet Jesus blekner aldri,  
tæres ei av tidens tann.  
Navnet Jesus, det er evig,  
ingen det utslette kan.  
Det har bud til unge, gamle,  
skyter stadig friske skudd.  
Det har evnen til å samle  
alle sjeler inn til Gud.

Navnet Jesus må jeg elske,  
det har satt min sjel i brann.  
Ved det navnet fant jeg frelse,  
intet annet frelse kan.

2 Jesu navn! Hvor skjønt det klinger,  
la det runge over jord!  
Intet annet verden bringer  
håp og trøst som dette ord.  
For det navn må hatet vike,  
for det navn må ondskap fly.  
Ved det navn skal rettferds rike  
skyte friske skudd på ny.

Navnet Jesus må jeg elske,  
det har satt min sjel i brann.  
Ved det navnet fant jeg frelse,  
intet annet frelse kan

3 Midt i nattens mørke blinker  
som et fyrlys Jesu navn,  
og hver hjelpløs seiler vinker  
inn til frelsens trygge havn.  
Og når solen mer ei skinner,  
Jesu navn, det lyser enn.  
Da den frelste skare synger  
høyt dets pris i himmelen!

Navnet Jesus må jeg elske,  
det har satt min sjel i brann.  
Ved det navnet fant jeg frelse,  
intet annet frelse kan.

# SONGKVELD I SANDNES KYRKJE

Søndag 7.juni lykkast det meg å få med koret mitt, Knarvik Gospel, til Masfjorden. Fleire av dei hadde ikkje vore her før, så kjekt at dei fekk sjå Masfjorden utan regn denne dagen.

Det vart ein fin søndag for koret si sommaravslutning med middag på Snikkarbua på Kvingo, og så ein kjekk songkveld i Sandnes kyrkje.

Takk til alle som tok turen til kyrkja denne kvelden, for både å høyre koret syngja og ikkje minst at de song så flott med på allsongane frå salmeboka. Det var sterkt å høyre den gode felle songen som fylte kyrkja. Knarvik Gospel takkar for seg og ynskjer alle Masfjordingane ein riktig god sommar.



Eli Eidsnes, dirigent og kyrkjevevje

Foto: Lillian Andvik

## 50-ÅRS KONFIRMANT

Konfirmerte du deg i ei av kyrkjene i Masfjorden i 1976?

Då er du 50-års konfirmant i år, og vert invitert til markering i Sandnes kyrkje søndag 20.september. Først til gudsteneste kl. 11:00 og så middag, og tid til å mimre saman på «Snikkarbua» kafé etter gudstenesta. Invitasjonar blir sendt i posten før sommarferien, så hugs å sjekke postkassa di.

Eli Eidsnes, kyrkjevevje

## FELLEN DIN

Kyrkjevevja utfordra Dina Dyrhovden til å sende inn ein av dikta sine til Masfjordingen, og fekk då vite at Dina hadde vore på kurs og fått lære å lage saueskinnsfell. Og for litt sidan var ho

ferdig med ein fell av to pelssauskinn til barnebarnet deira som skal døypast 14.06.26 i Alversund kyrkje. Og her kjem eit lite dikt om det.

Tekst: Eli Eidsnes



**fellen din er unik skapt av unike skinn skore opp sett saman att tusenvis av sting metervis av tråd timesvis i mitt fang varmt og mjukt tusen tankar om deg og di ferd er nesta saman prenta inn delvis løynd under brekant**

DinaD 23.05.26

---

# LEIRSKULE PÅ HAUGLANDSENTERET

18.-22.mai var 7.klassingane frå alle skulekrinsane i Masfjorden på Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Her fekk elevane vera med på mange ulike aktivitetar som padling i kano, fjelltur og laga pizza på bål og livredningskurs på dagtid. Etter lunsj fekk elevane velje sjølv kva dei ville vera med på, mellomanna rappelling, skyte med pil og boge, bush craft og padla kajakk.

På kveldstid fekk ungdommane tid til å bli betre kjend både i lavoen og i ballbingen. I tillegg til mykje gøy fekk elevane også trening i å leggje på sengetøy sjølv, og stella fint med romma sine. Kvar morgon var det romsjekk – i kompani Lauritzen stil!

Det var tre lærarar med på turen, Anita Hjartholm frå Nordbygda, Helen Andvik frå Sandnes og Helga Nyhavn Matre frå Matre skule. Alle sit igjen med eit inntrykk av at elevane hadde det kjekt og tok med seg mange gode minner og nye vennskap frå leiren.

Tekst: Helga Nyhavn Matre



---

# MASFJORDEN FÅR UTLÅNSSENTRAL

Masfjorden kommune og Frivilligsentralen er i gang med å etablere ei ny utlånsentral. Me startar på Hosteland i Frivilligsentral-bygget, og har eit stort håp om å vidareutvikle tilbodet med filialar på Matre og Sandnes etter kvart.

Me har vore så heldige å få tildelt heile 200 000 kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Midlane skal gå til innkjøp av fritidsutstyr som innbyggjarane kan låne gratis.

Frivilligsentralen har òg søkt støtte frå Bufdir (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet). Sjølv om søknaden vart avkorta, er me glade for å ha fått tildelt 83 000 kroner for 2026. Desse midlane skal nyttast både til etablering av utlånsentralen og til aktivitetstilbod for barn og unge. Mellom anna skal me arrangere aktivitetsveke for mellomtrinnet.

I løpet av sommaren og hausten skal me gjere innkjøp av utstyr til utlånsentralen. Difor ønskjer me gjerne

innspel frå store og små i Masfjorden: Kva slags fritidsutstyr meiner de at me bør prioritere? På open skule på Sandnes hadde Frivilligsentralen stand, og der kom det mange gode forslag frå barna sjølve og vaksne. Det set me stor pris på!

Me er framleis i startfasen, så me kan sjølvsagt ikkje kjøpe inn alt me ønskjer med ein gong. Likevel er det viktig å få gode innspel inn slik at me kan byggje opp eit tilbod som kjem flest mogleg til gode. Me gler oss no til å setje i gang. Utlånsentralen skal vere eit tilbod for alle innbyggjarar i Masfjorden, uansett alder.

Me håper på eit godt samarbeid med idrettslag, og andre frivillige lag og organisasjonar i Masfjorden. Gjennom samarbeid kan me skape eit best mogleg tilbod for innbyggjarane våre.

Sendt tips for utstyr til:  
kristin.kvamme.rasch@masfjorden.kommune.no eller  
sms til 90104139

---

# GRATULERER TIL SANNA OG RESTEN AV HUBB

Eg var så heldig og få intervju Sanna Kvinge, som er fersk Europameister saman med HUBB (Hordaland ungdomsbrassband).

Sanna er 13 år og bur på Sandnes. Ho går på ungdomsskulen og har mange fritidsaktivitetar som å spela i korps, spela i band, og å syngja. Eg intervjuar ho ein fredag ettermiddag då ho var ferdig på skulen. Det var fordi eg hadde lyst til å høyre om opplevinga hennar av å få vere med på ein så stor konkurranse, og korleis det var å vinne EM.

## Kvifor og når begynte du å spele kornett?

-Grunnen til at eg begynte var eigentleg fordi naboen min Renee spilte kornett og eg blei litt inspirert av ho. Eg begynte å spele kornett det året eg starta i 3. klasse.

## Korleis klarte du å koma med i HUBB, måtte du øva mykje?

-Det var prøvespeling/audisjon. Eg visste ikkje heilt kva eg gjekk til, men det var mamma som tenkte at eit ungdomskorps var interessant for meg, og ho tok initiativ og sa at eg måtte søkja. Eg øvde mykje og eg kom inn.

## Kor ofte øver de i lag?

Me har ingen faste øvingar i vekene, men me har fire øvingshelger i året der me møtest og spelar i lag. Før EM hadde me eit par gruppeøvingar og samlingshelg i tillegg.

## Kvar var EM?

-EM var i Linz i Austerrike.

## Korleis var det å være med i eit EM?

-Det er veldig kjekt. Då eg kom inn i HUBB og fekk vita at me skulle vera med i EM neste år, vart eg veldig glad. Det å få vera med på ein større konkurranse og med eit så godt brassband var veldig spanande og gøy. Me var veldig spente og hadde lyst til å gjera det bra. Det var òg kjekt å høyre på andre korps.

## Kva tenkte du då du venta på resultatet og det vart færre og færre igjen?

Det var ei heilt sjuk oppleving. Det var høgt nivå på dei andre i vår klasse, så me trudde ikkje me kom så høgt opp på resultatlista. Då dei ropte opp 1. plassen og me forstod det var oss, fekk me heilt sjokk. Eg trur ikkje det var nokon som trudde me kom til å vinna.



## Korleis var det å komme tilbake til Noreg?

-Me vart teken godt imot, det var veldig gøy. Det var to biler som spruta vatn i ein bue som flyet vårt kørte gjennom. Det var fint. Og då me kom til bagasjebandet, var det musikantar frå Eikanger-Bjørsvik musikklag som stod og spelte til oss. Det var veldig kjekt!

-Då eg kom på skulen på tysdag, hang det plakatar rundt på skulen med bilete av meg som heldt pokalen. Og det var flagg overalt. Så kom mange av venene mine og andre elever på ungdomsskulen med flagg og møtte meg då eg kom inn. Det var artig. I tillegg hadde dei på mat og helse laga til kakefest. Eg er veldig takknemleg for at skulen laga til denne festen. Eg synest det var mykje merksemd mot meg. Litt wow, liksom! Det var veldig gøy.

## Masfjordingen gratulerer Sanna og HUBB som Europameistrar!

Tekst: Jo Ronald Mjanger

# HEIDRING AV TIDLEGARE FOLKEVALDE

Formannskapet og administrasjonen inviterte nyleg tidlegare folkevalde til ei heidersmarkering for innsatsen deira i lokalpolitikken i Masfjorden kommune.

Markeringa vart halden i flotte omgjevnader på Zanzi Bar på Nautesund – ein restaurant som absolutt er verdt eit besøk.

Ordførar, formannskap og administrasjon skapte ei fin ramme rundt den høgtidelege markeringa, saman med elevar frå kulturskulen som stod for flott underhaldning.

I talen sin løfta ordførar Erlend Kvamsdal fram kor viktig rolla som folkevald er: «Me skal løfte fram dei som har teke på seg eit av dei viktigaste oppdraga i samfunnet vårt – nemleg å vere folkevalde. Å vere folkevald handlar om meir enn møte, sakspapir og vedtak. Det handlar om å ta ansvar på vegner av andre – om å lytte, vurdere og ta avgjerder som påverkar kvardagen til folk, ofte i saker der det

ikkje finst enkle svar. De har brukt fritida dykkar, engasjementet dykkar og viljen dykkar til å bidra til fellesskapet. Gjennom arbeidet dykkar har de vore med på å forme utviklinga av Masfjorden. Så igjen – tusen takk for innsatsen dykkar.»

I forkant av markeringa hadde ordføraren brukt tid på å hente fram informasjon om kvar einiskild heidersmottakar. Det gjorde at han kunne halde ei personleg helsing til kvar og ein, der han løfta fram gode eigenskapar, viktige kampsaker og innsatsen dei har lagt ned for kommunen.

Det vart ei staseleg stund, der kommunen fekk vise takksemnd og heider til dei særskilt inviterte gjestane.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes  
Foto: Liv Dyregrov og Sveinung Toft



# GLIMT FRÅ 17.MAI



Nordbygda



Masfjorden sjukeheim



Matre



Sandnes



Madelein Strand Andvik, Jenny Kvinge Hjelmtveit la ned krans ved minnestøtta for dei falne i 2. verdskrig



Sandnes



Solheim



Matre



Matre

Foto:  
Nordbygda:  
Matre: Helga Nyhavn Matre  
Sandnes: Lillina Andvik og Åshild Skuggedal

## 4H - UNDER OPEN HIMMEL

Fjordglimt 4H reiser kvart år på tur til Molvik-gard til arrangementet «Under open himmel». Her søv medlemmene i telt/hengekøyer og kosar seg ute i naturen. I år var det 12 deltakarar frå vår klubb med å turen.

Ungane set sjølve opp leir og er med på å laga måltida sine på bål. Laurdagen var me på fjelltur i området og det var ulike gardskonkurransar då me kom tilbake.

Øksekast og greipkasting stod på programmet. Det var også lagt inn eit nytt kunstnarleg innslag, der ungene fekk nålefilta nøkkelringar med 4H-logo med garn frå Hillesvåg ullvarefabrikk.

Det er også lagt opp til mykje frileik i området, og ungene får mykje trening på både volleyball og frisbeegolf. Me gler oss allereie til neste år!

Tekst og foto: Helga Nyhavn Matre



---

# DEN ELDSTE I MASFJORDEN

Eg hadde gjort ein avtale om intervju med Benny Kvingedal. Sonen hennar, Otto, var og med på intervjuet. Eg møtte ho på rommet hennar der ho bur på Masfjorden sjukeheim. Ho var så smilande og blid, og så vital og interessert i meg.

## Kan du fortelja litt om deg sjølv? Hadde du søsken?

– Eg har levd eit langt liv. No er eg blitt 104 år, og eg budde heime heilt til eg var 101. Eg er oppvaksen på Kvingo. Eg var gift og fekk fire born. No er eg bestemor til seks barnebarn, 25 oldebarn og fire tippoldebarn. Eg har sjølv fem søsken, og eg er i midten av flokken. Den eldste broren vår døydde då han berre var 22 år gamal.

## Korleis såg det ut på Kvingo og i Masfjorden då du vaks opp? Var det butikk på den tida?

– Det var heilt annleis enn i dag. Det var ein butikk på kaien på Sør-Kvingo. Me hadde ingen veg, berre sjøvegen. Difor måtte me ha

båt for å koma oss nokon stad. Det tok òg ei stund før den første bilen kom til Kvingo. Eg trur det var rundt 1957–58. Den første bilen var visst ein lastebil som Bjarne Heien kjøpte. Mannen min var svært interessert i bilar, så det tok ikkje lang tid før han og ein ven kjøpte seg ein bil.

## Korleis fekk de tak i mat?

– Det var ikkje alltid så lett. Me dyrka litt sjølve på eit lite bruk me hadde. Men me handla annleis før i tida enn me gjer no. Eg hugsar me kjøpte sirup i store spann, og det brukte me som pålegg. Det var billeg. Det fekk tennene svi for, men det må no ha vore noko bra i den kosten, òg.

## Kvar gjekk du på skule?

### Kva dagar gjekk de på skulen, og kva gjorde de der?

– Eg gjekk på skulen i det gamle skulehuset på Nordkvingo. Då eg gjekk i minsteklassen, gjekk me på skulen tysdag, torsdag og laurdag. I størsteklassen gjekk me måndag, onsdag og fredag. På skulen lærte me å skriva og rekna, og me hadde gymnastikk. Me lærte òg salmevers – eitt kvar dag. Elles leika me mykje rundt skulehuset.

– På søndagane hadde me fri. Då var me saman med dei andre som budde på Kvingo. Det var berre tre husstandar i nærleiken av der me budde på Bakken. I det nordre huset budde me, nede budde Sigurd, og oppe budde Launa.



Tenk, Launa er jo bestemora mi. Ho gifta seg med Johannes og flytta til Mjanger.

## Korleis var det å oppleva andre verdskrigen?

– Det var ikkje godt. Me gifta oss i 1941 og fekk to små born. Det var vanskeleg å etablera seg og ha små born på den tida. Det var mangel på både klede og mat. Me hadde rasjoneringskort. Det betydde at me fekk handla avgrensa mengde med varer, og fekk ikkje kjøpa alt me ville og ønskte oss. Det var ei tøff tid.

## Korleis var arbeidslivet ditt etter at du vart vaksen?

– Eg arbeidde heime som hushjelp. Eg arbeidde òg nokre år på sildefabrikken i Andvik. Arbeidslivet i dag er veldig annleis enn det var den gongen.

## Korleis har du det her på sjukeheimen?

– Eg har det aldeles flott. Eg trivst veldig godt her. Dei tilsette er flotte folk som gjer alt dei kan for at eg skal ha det bra. Men eg må seia at eg av og til kan kjenna meg litt einsam.

-Men sjå her, Jo, seier Otto, har du sett ein slik skjerm før?

Dei viser fram ein skjerm som heiter Komp der ho får tilsendt digitale bilete frå familien. På den kan ho òg ringja og ha videosamtalar.

– Den er veldig viktig for meg. Eg har born som er døde, og då er det fint å kunna sjå dei når me snakkar saman.

---

Ho fortel at det har vore tøft å ha tre born som er døde. Då dei var små måtte dei reisa bort, og dei var borte frå familien i lange periodar.

– Det skapte ein stor avstand i familien. Det var vanskeleg og følelsmessig tungt.

**Kva synest du om korleis Noreg og verda har utvikla seg?**

– Eg synest det er forferdeleg det som skjer i verda i dag. Det er mykje uvisse. Men me kan ikkje gå rundt og tenkja på at det skal bli krig i Noreg igjen no. Det trur eg heller ikkje.

Dette har vore eit spesielt treff. Benny hugsar så ufatteleg godt. Ho er ei flott dame og me har hatt ein veldig interessant samtale. Tenk alt ho har opplevd frå ho var fødd og fram til i dag!  
Eg ønskjer ho gode dagar vidare.

Tekst og foto: Jo Ronald Mjanger

## GEITEBINGO SAMLA FULLT HUS PÅ SOLHEIM



Søndag 3. mai arrangerte Haugsvær helselag geitebingo i Solheim grendahus, med Erlend Haugsvær og Kurt Henning Oppedal i spissen for arrangementet. Rundt 120 personar møtte opp for ein sosial og spennande ettermiddag til inntekt for drifta av dei fire geitene som går i Haugsværdalen.

Det vart arrangert to rundar med bingo, der spenninga heldt seg heilt til siste tal. På slutten vart det også gjennomført ekstra trekningar på bingo-bretta, noko som skapte ekstra liv og engasjement i salen.

I pausen kunne dei framførte kjøpe kaffi, kaker og brus i kiosken, og mange nytta høvet til ein god prat rundt borda.

Arrangørane i Haugsvær helselag var svært nøgde med både oppmøtet og stemninga på arrangementet. Dei ønskjer å takke alle som kom, alle som har sponsa med premiar til bingoen, og dei som har baka kaker til arrangementet.

Tekst og foto: Marita Vågset, Haugsvær helselag

---

# ØRJAN LANGHELLE MINNECUP

Ørjan Langhelle  
Minnecup vart første  
gang arrangert i 2017  
– i år var ikkje noko  
unntak!

For mange kommande fotball- talent er dette arrangementet det første møtet med cup-livet, og noko å sjå fram til kvart år.



Kvart år vert det altså arrangert minne-cup på Matre stadion, til minne om den lokale fotballentusiasten Ørjan Langhelle.

Miniputtlag frå heile Masfjorden og Gulen deltek kvart år, i tillegg til eit Sotra-lag.

Fast innslag på cupen er showkamp, i år som eit

storoppgjær mellom Team Simen og Team Roger. Biletet syner årets lag, der resultatet i år viste 2-1 til den yngre garde, med Simen Hjartholm Langhelle i spissen.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Veronica Hjartholm

---

# FJON ESPORT

– EIN SOSIAL MØTEPLASS FOR GAMINGINTERESSERTE UNGDOMAR.

På Sandnes skule har me starta opp Fjon Esport, eit tilbod for barn og ungdom i Masfjorden som er interesserte i gaming. Nokre av oss har teke ungdomsleiarkurs for å vere med og utvikle og drive dette aktivitetstilbodet. Gjennom støtte frå ulike tilskotsordningar har me fått moglegheit til å byggje opp eit flott tilbod.

Me har kjøpt inn seks gaming-PC-ar med utstyr, ein PS5 med stor TV og ratt- og pedalsett for bilspel. I tillegg har me pussa opp lokalet ved å male, møblere om og tilpasse rommet slik me ønskte det.

Målet med Fjon Esport er å skapa ein sosial møteplass der ungdom kan møtast fysisk, spela saman og byggja vennskap – ikkje berre vera saman på nettet.

Kvar samling inneheldt og ein halvtime med fysisk



aktivitet i gymsalen. Tilbodet er kvar torsdag og er delt inn i to grupper: 5.–7. klasse: kl. 16.00–18.00  
8. klasse og oppover: kl. 18.00–20.00

Ønskjer du å vere med, finn du informasjon og påmelding på vår eiga gruppe på Spond. Me ønskjer alle interesserte hjarteleg velkomne til Fjon Esport!

Tekst: Adrian Samuelsen Fjellby

---

# MARIA KRISTINA DUESUND 100 ÅR



Den 06.06.2026 var 64 små og store samla til fest på Masfjorden sjukeheim i høve Maria Kristina Duesund sin 100-årsdag.

Sjølve dagen var riktig nok 08.06, men då det fell på ein måndag, vart det meir praktisk for alle å samlast laurdagen før.

Maria, eller Besta som me kallar ho, har 14 barnebarn, og imponerande 26 oldebarn i skrivande stund. Dei aller fleste var til stades på å feira, og dei som hadde bunad eller festdrakt, stilte i den. Det vart eit flott syn med bunadar frå både Trøndelag, Masfjorden, Sunnfjord og Sogn.

Endå meir spesielt er det at Besta har sydd og brodert på dei fleste sine Masfjord-bunader. Eit stykke historie, berre det!

Ordførar Erlend Kvamsdal tok seg også tida til å feira Maria saman med familien. Han kom staseleg kledd i ordførarkjedet, og hadde med seg både blomar, kake, dikt og tale som han held. Og ikkje minst, så hadde ordføraren med seg brev i frå sjølvaste Kong Harald V - signert Harald R. Det var stor stas!

I talen til Maria, snakka ordføraren om kva som kan gjera til at fleire rekk å feira 100 år her i Masfjorden. Ein av grunnane han nemnde, var fjella. Og det kan

nok stemma med Maria. For i fjellet har ho tråkka mykje i sine yngre år. Seterlivet som budeie fortel ho gladeleg mange historier om. Ikkje vanskeleg å sjå at det bringer fram gode minne for Maria.

Ingrid Fjeldsbø, som er tantebarnet til Maria, held òg ein flott tale til jubilaranten, med historier i frå barndomen og ungdomen. Barnebarnet Marianne Kalstad hadde skrive ein song som skildra godt kven Maria er, og som summerte godt opp hennar 100 år - så langt.

Gåvebordet bugna i flotte blomar, dikt, billetter, bøker og sjokolade - som seg «hør og bør» når ein vert 100, og det vart ei fin stund då dei fleste hadde gått heim, der Maria fekk lesa alle helsingane saman med dottera Elin.

Ja, ei fin feiring vart det - for store og små gjestar. Det er noko eige å sjå kva for ein stor flokk det har vorte etter ho, med nyaste tilskot på berre vel eitt år.

Ungar som spang og leika i juni-sola, og slekt som fekk treffast og slå av ein prat. Det er jo ikkje så ofte ein finn tid til det. Ikkje minst ein flott dag for jubilaranten sjølve, som måtte innrømme at ho vart litt rørt.

Marit Kvamme-Vik, på vegne av familien.

---

# FESTKONSERT PÅ SNIKKARBUA



Det er viktig å halde fast på gode vener, for det kan det kome mykje godt ut av. Det fekk Jo Mjanger vist, då han den 10. april baud inn til konsert i Snikkarbua på Kvingo. Denne kvelden inviterte han til konsert med folk han har vore ven med i årevis, og som han har samarbeidd med på ulike måtar.

«Eg har lenge drøymt om å få til ein slik konsert,» fortel Jo, «og det er stort for meg at draumen no er gått i oppfylling.»

Vi her i fjorden kjenner kan hende best til det gode samarbeidet mellom Jo og Jon Martin Skauge. Dei har meir enn ein song på samvitnet saman, og det finnest vel knapt ein masfjording i dag som ikkje har kunna glede seg over å høyre ein eller fleire av desse, artige som dei er. Og karane ga til beste ei heil lita perlerad av slike songar, til stor glede for eit publikum som fylte godt opp i lokala til Snikkarbua.

Minst like artig som songane var dialogen desse to karane imellom. Slagferdige er dei begge, og den eine tok ordet der den andre slapp taket. Og publikum lo og koste seg.

Noko manus hadde dei ikkje. Det trong dei ikkje heller, for etter mange års samarbeid er dei sopass godt samkøyrde at den eine forstår med ein gong kva poeng den andre legg opp til. Jo har forresten snakka

mykje og varmt om dette gode samarbeidet med Jon Martin. “Hadde det ikkje vore for Jon Martin og musikken, ja så veit eg ikkje korleis eg hadde hatt det,” har han sagt meir enn ein gong.

Men Jo hadde fleire gode vener med seg denne kvelden: Då han gjekk på skule i Knarvik, hadde han Martin Dahl som lærar i musikk, og Jo og Martin utvikla eit fint musikalsk samarbeid som vi som var til stades på konserten, fekk fleire flotte eksempel på resultatet av.

Jo vart invitert til å vere gjesteartist på ei Ivar Medaas-verse då Nordhordland musikkteater hadde ei forestilling i Samfunnshuset på Risnes i februar. Det vart ei fin oppleving for alle som var til stades, og førte med seg at underteikna vart invitert til å synge Medaas-verse saman med Jo på denne konserten. Det var like kjekt denne gongen som den forrige!

Og ordet “kjekt” kan vel oppsummere heile konserten: Jo og venene hadde det tydelegvis kjekt på scenen, og publikum hadde det veldig kjekt der dei sat.

Sanneleg: det er viktig å halde fast på gode vener, for det kan det kome mykje godt ut av!

Tekst: Rune Garmann, foto: Mary Hope

---

# VÅRFEST I STORDALEN

13. april hadde me vårfest på Stordalen fjellstove.

Stordalen møtte oss med solskin og snøkledd fjell. Me samlast i kjellaren og starta med velkomsthelsing og dikt, skrive av Kari Nordland, og handla om vegen frå Matre til Stordalen.

Jørn Skauge spelte eit musikkstykke på piano. Så fekk me høyra eit musikkstykke på kornett. Spelt av 11-årige Emil August. Eit stort talent.

Arnold Matre heldt eit engasjert foredrag om Bjørn West og deira motstand og kamp på slutten av 2. verdskrig. Dei siste kampane som vart kjempa i krigen, skjedde i Matrefjella. Me avslutta med å syngja "Gud signe vårt dyre fedreland"

Etterpå benka me oss i matsalen og fekk servert nydeleg middag. Sosekjøt med tilbehør og sviskekompott til dessert. Litt allsong og Rognald spelte trekkspel.



Etterpå hadde me ein god pause der folk fekk tid til å prata med kvarandre. Så var det kaffi og kaker før festen vart avslutta.

Stordalen fjellstova og Arnold Matre sitt foredrag kan anbefalast på det beste.

Tekst og foto: Torill Vågseth Kristoffersen

---

# PENSJONISTTUR TIL BYRKNES

Turen starta på Matre kl. 09:00. I alt 31 personer var med på turen.

Første stopp var Skipavika. Lars Hellandsjø var med oss på bussen og fortalde om arbeidet der, og det var ikkje lite.

Neste stopp var Mjømna ved minnesmerket der dei første Bjørn West-soldatane kom I land.

Så var det middag på Fløskjæret kafé. Susanne Larsen fortalde om Byrknes og planene for det nye hotellet. Så stod fiskar/bondemuséet for tur. Der fekk me guiding om dei ulike tinga der. Me gjekk og liten tur og såg Lausaparken og hotelltomta.

Me avslutta turen med besøk på småbruket til Bente og Ole Håvåg.

Dette er ei perle som dei har lagt ned mykje tid og krefter på. Gode kaker og kaffi fekk me servert til 31 gjestar.

Takk til eit flott vertskap!

Tekst og foto:  
Torill Vågseth Kristoffersen



# BÅTDAG MED HISTORISK SUS



Det vart folksamt i Snikkarbua på Kvingo då Masfjorden sogelag inviterte til båtdag.

Hovudattraksjonen denne dagen var den nyleg bygde kopien av Austfjordbåten, og hovudpersonen var han som for meir enn hundreogtredve år sidan bygde originalen av båten, båtbyggjaren Jon Kikall (1853-1924 .)



Båten vart bygd i Dyrdalen i 1890 og er ein råseglbåt av Nordhordlandstypen. Lokalt vart slike båtar kalla geitabåtar. Båten har fire par årer og vert difor kalla firkeiping her hjå oss. Andre stader i distriktet nyttar ein nemninga åttring.

Det er Leif Harald Amundsen ved Os Oselvarverkstad som har laga ein nøyaktig kopi av Austfjordbåten og resultatet er blitt eit smykke av ein båt. Det er Lindås sogelag som losjerer båten i det daglege. Kulturrådet og Vestland fylkeskommune har vore sentrale bidragsytarar i finansiering, i tillegg til mange andre.

Båten var plassert midt i rommet og mange skuelystne tok båten i nærare augesyn før programmet tok til.

Leiar i sogelaget, Sveinung Hope, ønskte velkomen. Bergen skipperforening sitt shantykor hadde ei koravdeling før Arne Høyland fortalde om båten. Så var det mat før shantykoret fekk æra av å avslutta programmet i Snikkarbua. Men arrangementet var ikkje slutt. No vart båten køyrd til Nordkvingo og sjøsett i naustmiljøet der. Fleire fekk prøva seg som roarar. I starten var dei ikkje heilt synkroniserte, men litt etter kvart fann mannskapet ein felles god takt, og då gjekk det unna. Stoppestad var Mjåneset. Det var her Jon bygde dei fleste båtane. Men det var heller ikkje uvanleg at han bygde båtane i naustet til den som hadde bestilt seg båt.

Ei stor takk til sogelaget som laga til eit så flott arrangement. Det var tydeleg å sjå at dette var noko

som interesserte mange. Og for kommunen som har fjorden som tusenårsstad er dette kanskje noko å spinna vidare på, både for unge og vaksne. Kva med t.d. ein rodag for skuleelevar og pensjonistar eller ein tredagars «roturstafett» for ungdomskuleklassar med start i Kjekallevågen, ut Austfjorden, der klassen gir stafettpinnen vidare, neste dag rundt øyane ytst i kommunen og til Duesund før ny gruppe ror

inn Masfjorden neste dag?  
Uansett: Me ser fram til fleire engasjerande arrangement i sogelaget sin regi!

Tekst og foto: Frank Kvinge



## STORT ENGASJEMENT I INDREFJORDEN

Søndag 31. mai møtte 27 ungdomar frå Indrefjorden til ei idémyldring om framtida for bygda og lokalsamfunnet. Alle ungdomar mellom 16 og 30 år var inviterte til samlinga, som samla eit breitt spekter av unge frå området.

Initiativet vart teke av Kurt Henning Oppedal, Erlend Haugsvær og Åsmund Kjetland, som stod bak arrangementet og leidde samlinga.

Ein viktig del av ettermiddagen var gruppearbeid der ungdomane fekk diskutere ulike spørsmål og utfordringar. Mellom anna vart dei utfordra til å svare på spørsmålet: «Kva skal til for at du vil busette deg i Indrefjorden?»

Engasjementet var stort, og ungdomane kom med ei rekkje gode innspel og idéar. Tema som bustader, arbeidsplassar, fritidstilbod og møteplassar vart løfta fram som viktige for å gjere Indrefjorden til ein attraktiv stad å bu.

Arrangørane er svært nøgde med oppmøtet og dei mange konstruktive innspela som kom fram gjennom ettermiddagen.

Arbeidet held fram etter sommaren. Det er planlagt eit nytt møte i august, der kommunen også vil vere representert. Målet er å følgje opp innspela frå ungdomane og sjå på



korleis dei kan takast vidare i arbeidet med utviklinga av Indrefjorden.

Idémyldringa synt tydeleg at ungdomane ønskjer å vere med og påverke utviklinga av lokalsamfunnet sitt, og at det finst både engasjement og framtidstru blant dei unge i Indrefjorden.

Tekst og foto: Marita Vågset

# HEILE BYGDA TOK FARVEL MED NÆRBUTIKKEN PÅ ANDVIK - EI STOR OVERRASKING FOR MARIT

**Andvik Vel laga ein laurdag i juni ei historisk og rørende markering i Andvik, då nærbutikken heldt ope for aller siste gong. Heile bygda møtte opp og danna eit langt tog som gjekk samla bort til butikken. Fremst vart gåva frå bygdefolket frakta på traktor, bak kom sambygdingane – og til slutt to flotte veteranbilar som runda av prosesjonen.**

Ordføraren var invitert til markeringa, og hadde med seg blomar og eit «Hodl» som Marit Krossøy og systera Rigmor Haugsdal fekk – sjølv sagt laga lokalt av folk i Andvik.

Lovisa Midtbø delte litt lokalhistorie frå Andvikbygda, før det vart servert is, kaffi, saft og kaker til alle som hadde møtt fram.

Nærbutikken Krossøy har vore ei familiebedrift. Tomas Krossøy overtok butikken i 1944 og dreiv til dottera, Marit overtok i år 2000. Rigmor har vore ein god medhjelpar på butikken i mange år.

Nærbutikken på Andvik har vore ein viktig samlingsplass og ein sentral del av bygda. No går Marit av med pensjon, snart 77 år gammal. Det var tydeleg at mange sette pris på høvet til å heidra Marit og den

rolla butikken har hatt for lokalsamfunnet.

## **Kjære Marit**

Så kom dagen,  
me har kjendt det i magen,  
at du legg ned ditt shoppingssenter,  
og din pensjonisttilværelse venter.  
I bygda me er så glade i,  
har butikken vore så trivelig.  
Ein møteplass der me nytt har fått høra,  
og der du har fulgt oss ut gjennom døra.

For oss bygdefolket er minnene mange,  
også frå då beina var små og dagane lange.  
Me trudde ein ti'er var verdt millioner,  
men me har lært å kjenne våre kroner.  
Ved disken hjå Thomasen rett innom døre,  
fekk me stadig høre "da vert ikkje krone uten øre".  
Spiker, saltstein, støvler og koteletter  
Wc-rens, kattermat og raketter.  
Me ringer gjerne rett etter du har stengt,  
om det er noko "livsviktig" me har trengt.

Det er vemodig for både oss og deg,  
men tida tikkar i veg.  
Me forstår godt at du ikkje vil ha "nåke styr",



---

men me vil visa kva du for oss betyr!  
Når du no ikkje lengre er bak disken,  
Må du nyta sola med Laika bisken!

### Kjære Rigmor

Mellom hyllene finn me deg,  
Rigmor, som rydder i bacon med svor,  
Du bestiller remedier til flor,  
og etterfyller vaskemidler med klor.  
Med so mange vara er det godt at du klara,  
å beholdningen bevara.

Når bak disken du står parat,  
vert det alltid ein hyggelig prat!  
Og summen stemmer akkurat.  
Ein epoke i livet er over no,  
i butikken du har vore god!  
Me ynskjer deg mange dagar med sol,  
som du kan nyte i din nye god stol.



Tekst: Andvik Vel v/ Magrete Skuggedal Andvik

Foto: Kvamsdal

---

## DRAUMEDAG

Mellomtrinnet ved Matre skule har vore med på ein formingskonkurranse i regi av Nordhordland og Gulen Brann og Redning. I mars fekk me beskjed om at me hadde vunne. Premien var ein draumedag på brannstasjonen i Alversund og på Vil Vite i Bergen.

21.05 reiste me til Alversund. På brannstasjonen var det fire ulike postar på programmet. Første posten var med politiet. Me fekk sjå politihundar som søkte etter folk og narkotika, og me fekk sjå noko av utstyret som politiet brukar i arbeidet sitt. På den andre posten fekk me prøva å gå inn i eit rom med teaterrøyk. Inne i det røykfulle rommet skulle me finna fram. I tillegg fekk me kjenna kor tung tanken til røykdykkarane er. Vidare på tredje post øva me på hjarte- og lungeredning og stabilt sideleie. Ambulansetenesta var med på denne posten. Til slutt fekk me sjå kva utstyr ein finn i ein brannbil, og etter tur fekk me spyla



på kanner med brannslange. Etter pizza i kantina på brannstasjonen gjekk turen gjekk vidare til Vil Vite. På Vil Vite fekk me vera med på eit «viten-show» med brann som tema. Me fekk sjå korleis ulike stoff brenn. Etter showet fekk me tid til å utforska dei ulike utstillingane på Vil Vite. Me hadde ein praktisk og lærerik dag.

Tekst: Anita B. Solheim

---

# NYTT FRÅ NORDBYGDA SAMFUNNSHUS

Årets nedvask er gjennomført, og me takkar alle som har vore med å bidratt til gjennomføring av dette!

## Støtte frå kommunen

Me kan meddele at me i år, har fått innvilga 30 000 kr frå Masfjorden kommune. Desse kan nyttast til leige av huset for dei ulike laga i kommunen – og me håpar og trur at fleire vel å nytte seg av dette, for å få meir bruk på huset.

Kommunen skriv følgande i brevet:

*”Fleire av skulane har stort belegg på gymsalane på ettermiddag og helg. I dag er praksis at ordinær idrettsaktivitet i gymsal, t.d. volleyball eller all-idrett vert avlyst når eit lag skal ha til dømes konsert eller basar i gymsalbygget.”*

Det er no eit ønskje om at lag som ønskjer gymsalen til arrangement utover idrett i utgangspunktet planlegg dette med samfunns- og grendahusa som arena. Med dette vedtaket ønskjer kommunen å styra aktivitet til samfunns- og grendahusa mot at dei får gratis husleige. Samstundes er ein med på å auka bruken av samfunns- og grendahusa. Ordninga vert evaluert fortløpande.

## Kjekke oppgraderingar for både store og små

Den siste tida har det blitt utført litt ekstra innsats for å gjere det litt ekstra kjekt å bruke huset – for både store og små:

### Benkar ute

Det har vore eit ynskje om å få på plass benkar utanfor huset ei god stund, og no har me endeleg fått på plass tre benkar, etter at Ingvar Sleire heiv seg rundt og fekk laga etter førespurnad. Desse står no plassert utanfor matsalen, og gjer det mogeleg å kunne setje seg utanfor under ulike tilstellingar. Perfekt på godvêrsdagar! Dei kan sjølvstundt også nyttast oppe ved høve.

### Ei lita oppgradering i garderobane

Det har blitt kjøpt inn og hengt opp nye kleshengjarar både oppe og nede, -noko som var på høg tid.

### Det skal vere kjekt for barn også på huset

For å gjere huset litt kjekkare for dei minste, er det



kjøpt inn bord og krakkar, og laga til eit lite leikeområde i gangen i hovudetasjonen. Denne kroken blir kjekk for born å nytte seg av under større tilstellingar på huset.

Huset er trass alt for alle i bygda – og då er det litt ekstra stas for dei med ein egen krok, samt ein egen plass å kunne henge ifrå seg jakkar som dei når opp til sjølve. Me håpar dette vil glede dei minste når dei kjem!

Dette, saman med stellebord både oppe og nede, samt totalt fem barnestolar (både kjøpt og donert), er huset meir imøtekomande for også småbarnsfamiliar.

### Handikap-parkering

Jo Ronald Mjanger tok kontakt for å få på plass eigen handikap-parkering på huset. Dette var me i styret samde i at huset sjølvstundt burde ha, og skal etterkvart få landa kor denne bør vere for enklast mogeleg tilkomst for dei med funksjonshemming.

Eg håpar på å kunne melde frå om fleire gladnyheiter framover – og ber dykk alle ta kontakt med leiar om tips, ynskje eller bidrag til forbetring som me i styret kan ta opp og prøve å få sett i verk.

Men me er også heilt avhengig av ei god dugnadsånd for å få til større prosjekt på huset.

Leiar Silje Sjursæter Halland

# DUGNAD I NORDBYGDA BARNEHAGE

Dette året har Masfjordbarnehagane mellom anna hatt LEIK som eitt av sine satsingsområder. Barn lærer gjennom å leike, og difor er leiken det viktigaste som skjer i barnehagen. For å auke kompetansen knytt til leik, har barnehagane mellom anna invitert inn Trude Brendeland, også kalla «Fantasifantasten», med kurs i Lekelyst og rettleiing av korleis tilrettelegge for gode leikemiljø i avdelingane våre. I tråd med råd frå henne har vi det siste året hatt fokus på å vidareutvikle leikemiljøa inne i barnehagen.

I Nordbygda barnehage har vi eit stort og flott uteområde, med mange gode mogelegheiter for leik. Etter å ha fokusert mykje på innemiljøet, hadde vi i vår lyst å sjå litt meir på utemiljøet vårt. Vi har nokre leikeapparat som hadde sett betre dagar, og det er eit generelt behov for oppgradering av området. I mars vart FAU invitert inn til ei synfaring på området, og saman med representantar frå personalet gjekk dei rundt og drøfta mogelegheiter for korleis foreldre og personalet i fellesskap kunne oppdatere leikeplassen.

FAU var ivrige og engasjerte, og saman med personalet kom dei med mange gode innspel til kva som kunne gjerast. I starten av mai var det gjennomført to dugnadskveldar der det vart gjort mykje godt arbeid i barnehagen. Mange flinke foreldre og tidlegare barnehagebarn stilte opp, og hadde med seg utstyr av ulik art.

Dette har resultert i at barnehagen no har fått ei ny kabelferje, ein sjørøvarbåt, ein lastebil, ei terrengskile, to nye leike- og sølekjøkken, nye benkar rundt bålpanna, og vi har fått fjerna gamle og «oppbrukte» leikeapparat. «Trommel-bilar» er under produksjon, og skal plasserast ut så snart dei er ferdig måla. Det står også att ein del malearbeid på dei nybygde apparata, dette må gjerast når veret er litt meir stabilt enn det har vore den siste tida.

TUSEN TAKK til alle dykk kjekke og engasjerte foreldre og tilsette i Nordbygda barnehage – dette vart eit godt løft for barnehagen vår! Både små og store i barnehagen set stor pris på at de har vore med på å gjere uteleiken vår endå gøyare!

Tekst: Maja Aven Dahle

Foto: Tove Mette Fagerheim og Maja Aven Dahle



---

## ASSISTENTAR SKAPAR LESEGLEDE



Nordbygda skule har fått sine første skulebibliotek-assistentar! Lisa Marie Kvamsdal og Sofie Halsvik Nordli frå 9. klasse vart tilsett på biblioteket før jul og har jobba og stått på heile semesteret.

Kvar veke jobbar dei i éin time og eit langfriminutt på skulebiblioteket. Dei engasjerte jentene bidrar med å rydde og halde orden i hyllene, lage utstillingar, lese ny litteratur og velje ut litteratur til innkjøp.

Dei har på eige initiativ omorganisert barneavdelinga slik at det blir lettare å finne fram for elevane. No skal dei snart halde bokpresentasjon med eigenprodusert quiz for 3.klasse.

Halvåret vert avslutta med ekskursjon til Bergen for å lære meir om korleis dei drifrar biblioteka andre stadar.

Masfjorden kommune har ein leseplan retta mot barn og unge, og tiltaket med assistentar på skulebiblioteket er ein del av skulen og biblioteket sitt arbeid for å auke leselyst- og ferdigheiter blant elevane.

Lisa Marie og Sofie er full av gode idéar og tiltakslyst, og er eit godt eksempel på korleis elevane sjølve kan medverke, og bidra til å skape eit levande lese miljø.

Me ser fram til vidare samarbeid med flinke skulebibliotekassistentar!

---

## TRAFIKKDAG PÅ MATRE SKULE

Som trafikksikker skule, og for å skapa merksemd rundt tema, hadde skulen ein fagdag knytt til tryggleik i trafikken.

Alle elevane starta saman, der dei fekk ein liten "kick off" og innføring i kva dagen ville bringa. Der etter vart dei delt i blanda grupper, frå eldst til yngst. Elevane rullerte gjennom varierte og innholdsrike stasjonar. Ein stasjon handla om store køyretøy (me hadde besøk av brannbilen/Venner på veien), der ein lærte om blindsoner, og korleis ein skal oppføra seg rundt slike typar køyretøy langs vegen.

Vebjørn Haugsdal leia ein stasjon, der de var teori og samtale kring trafikk og reglar, om ein er køyrande, gåande, syklande, rullande eller anna.

Skuleplassen var laga om til ei sykkelløypa, med både svingar, vipp, fotgjengar og innskrenking av vegbane. Her fekk elevane sykla og meistra i praksis. Gøy!

Takk til alle som deltok på denne dagen.

Tekst og foto  
Silje Vågseth Kjetland/Matre skule



---

# KONSERT MED KURT HATTEN PÅ SJUKEHEIMEN

Måndag 20.april var det igjen tid for konsert med den morosame og dyktige trubaduren Kurt Hatten frå Alversund. Det var mange viser som folk kunne syngja med på. Kurt fortalde morsomhelter rundt songane. Han song blant anna viser av Ivar Medaas, Stein Ove Berg, og Johannes Kleppevik. Sjølv var eg med på «Vårvisen i Naustet» av sistnemnde. Kurt song ein del songar av Josef G. Larsen, som Stanely Jakobsen har gjort kjent. Den mest kjente er nok «I morgon, i morgon, men ikkje i dag». Eit av høgdepunkta på konserten var «Doggdråpedag i desember», ei verkeleg fin oppleving, og den mjuke stemma hans kom godt fram saman med gitarspelet. Han avslutta konserten med sin eigen melodi «Minner», ei ekte kjærleiksvise, sa Kurt. Med si gode stemme og lune humor, var dette ein kjekk formiddag for alle.

Eg tok meg ein liten prat med Kurt i ettertid, og hadde fylgjande spørsmål.

## **Korleis var det å vera i Masfjorden igjen?**

-Alltid kjekt å komma til Masfjorden. Her veit eg at dei set veldig pris på det eg bidreg med, og at dei gjev tydeleg uttrykk for at dette er kjekt. I tillegg tek dei veldig godt i mot meg, og ofte vert eg invitert til å eta middag med dei etter konserten. Eg pleier alltid å komma på ein måndag og då vert det servert god fisk. I tillegg er det jo veldig kjekt når du er den faste gjesteartisten min.

## **Korleis er det å opptre for den eldre generasjon?**

-Å opptre for den eldre generasjonen synest eg er meningsfullt og kjekt. Mitt repertoar høyrer stort sett heime for denne gruppa. Prøver å gje eit repertoar som for dei fleste inneheldt kjente songar, og då kan dei som har høve og til det, vera med å syngja. Mange gjer også positive tilbakemeldingar etter konsertar eg heldt. Hugsar ei dame som sa etter ein konsert ein gong «Dette var god medisin i dag». Eg har også høyrte mange gongar at det er kjekt at det skjer, noko for «elles er dagane så like».

**Vil du, om du kjem på sjukeheimen ein gong, at folk skal komma å spela for deg sånn som du gjer no for dei?**



-Den dagen kjem nok til mange av oss at me sjølve kjem på ein sjukeheim, og då ynskjer eg absolutt at nokon kjem innom med musikk og song. Utruleg kva song kan betyr for mange. Har opplevd fleire gongar at nokon har demens og ikkje kan snakka, men er med å syng på kjente gamle songar. Andre kan vera svake elles, men smilet kjem fram, og foten følgjer takten til musikken. Det er då eg føler at dette er noko meningsfullt, og betyr noko for mange.

Eg håpar Kurt kjem igjen til neste år, og eg synst at dette er ein tradisjon me må ta vare på.

Tekst og foto: Jo Ronald Mjanger

# DIALOGMØTE

Tusen takk til alle som deltok på dialogmøtet 26.mars på Nordbygda skule.

Det er imponerende å høyre kor mykje arbeid, engasjement og hjarte som blir lagt ned i kommunen vår. Engasjerte enkeltstående frivillige, frivillige lag og organisasjonar, kommunetilsette, ungdomsråd og politikarar møttest for å få betre oversikt over aktivitetane i Masfjorden, skape inspirasjon for kvarandre og sjå nærare på samarbeidspotensialet. Kva har me – og kva treng me?

Tusen takk til dei fire laga som presenterte seg: Bjørn West IL, Risnes IL, Fjon UIL og Nordbygda helselag. Dei delte aktivitetar, erfaringar, idear og utfordringar, og synleggjorde det viktige arbeidet som blir gjort kvar einaste dag.

Risnes IL og Nordbygda helselag delte også erfaringar med samarbeid på tvers av laga. Her kom det fram mange gode tankar og idear.

I møtet snakka me òg om kor viktig samarbeidet mellom frivillige, kommune og næringsliv er. Me håpar å få til endå meir samarbeid med næringslivet framover.

Me hadde som mål å lande nokre samarbeidsavtalar i løpet av kvelden – og det greidde me. Og jammen trur eg det vart rekruttert frivillige til Stordalen skisenter òg! Dette etter at Frode Langhelle presenterte Bjørn West IL og peika på ei av utfordringane deira: rekruttering av frivillige.



Som ein ser – det hjelper å snakke saman. No gler me oss til å arbeide vidare! Saman skaper me eit sterkare og meir inkluderande lokalsamfunn.

Det var og valt inn nye representantar i frivilligrådet for Masfjorden frivilligsentral: Frode Langhelle, Liv Dyregrov, Lovisa Midtbø, Arve Oppedal og Erlend Kvamsdal.

Ein stor takk til dei tidlegare representantane i Frivilligrådet for innsatsen. Arbeidet vidare for frivilligrådet og Frivilligsentralen blir å halde fram med å vidareutvikle det gode samarbeidet mellom frivilligheita, næringslivet og kommunen. Når me dreg i same retning, kan me få til mykje til beste for både barn, unge, vaksne og eldre i Masfjorden.

Tekst: Kristin Kvamme Rach


## HØYRSELSKAFÉ

Hørselskaféen vart arrangert på Frivilligsentralen. Heile 25 innbyggjarar frå ulike delar av kommunen møtte opp, noko me er veldig glade for! Det vart gjeve god og nyttig informasjon, og mange gode tips frå Hørselsforbundet Nordhordland. Dei som ønskte det fekk også hjelp frå engasjerte personar, som kunne gi støtte og rettleiing til dei som trengde hjelp med høyreapparatet sitt. Dette vart ein lærerik og sosial møteplass. Hørselsforbundet kjem tilbake til Masfjorden

i løpet av hausten 2026.

Eit nyttig tips frå Hørselsforbundet, last ned denne appen.

Tekst:  
Kristin Kvamme Rasch



# PÅSKE-VOLLEYBALLTURNERINGA

Den tradisjonsrike påske-volleyballturneringa gjekk i dag av stabelen på Nordbygda skule.

I år var det 9. klasse som vann elevturneringa og som dermed fekk møte lærarlaget i siste kamp.

Ungdomane fekk hard motstand, men gjekk til slutt sigrande ut av kampen med siger i 2 av 2 sett.

Publikum var særst ivrig, og skapte flott stemning under heile kampen.

Tekst og foto: Geir Follesø, rektor Nordbygda skule



## KLART FOR SOMMARLES



No er det klart for den digitale lesekampanjen Sommarles.no. Frå 1. juni kan alle 1. - 7.klassingar i Masfjorden vere med på Noregs kulaste lesekampanje, saman med barn frå heile Noreg. Sommarles.no har vore ein stor suksess gjennom fleire år, og i fjor deltok over 172 000 barn. Målet med kampanjen er å motivere barna til å lese så mykje dei berre orkar i løpet av ein lang sommarferie.

Hugs å hente flotte premiar på biblioteket på nivå 10, 20 og 30! Kampanjen vert avslutta med Sommarlesfest i september.

### Sommarles.no gjer det gøy å lese!

- Sommarles er ein digital lesekampanje på nettsida

Sommarles.no. Barna lagar seg ein profil, registrerer alt dei les i kampanjeperioden og får XP (poeng) for kvar side dei les.

- Sommarles.no er for barn i 1. - 7. klasse og varer fra 1. juni til 31. august.

- Barna får tilgang til ei spesialskriven forteljing av forfattar Mari Moen Holsve.

- I tillegg til XP, kan barna også gjere seg fortente til digitale trofé og kule premiar som kan hentast på biblioteket!

- Sommarles.no er utvikla av Vestfold fylkesbibliotek og Snuti AS.

Spørsmål?

Kontakt oss: [Folkebibl@masfjorden.kommune.no](mailto:Folkebibl@masfjorden.kommune.no)

---

# OPNING AV KUNSTUTSTILLINGA I FARGERIET

Sommarutstillinga i Kvamsdals fargeriet 2026 vart opna 2. pinsedag. På opningsdagen var det gråver ute. Men det gløymde me fort då me kom inn i fargeriet, for der var det slett ikkje grått. Kunsten gav farge til lokalet og midt på golvet stod langbordet og freista oss med drikke og mange godbitar.

Ordførar Erlend Kvamsdal opna utstillinga og fortalde litt om korleis kommunen legg til rette for liv og kulturformidling i musea og samlingane me har i kommunen vår. Han overrekte blomar og gav ordet til Randi Hosøy som er utstillar dette året. Ho fortalde litt om seg sjølv og utstillinga.

Randi Hosøy er utdanna faglærer i kunst og handverk, og kunstnar sjølv. Ho vaks opp på Stranda, har budd i Oslo i 30 år, men har no flytta attende til Stranda og huset der ho vaks opp. Ho er no aktiv i Nordhordland kunstlag. Ho både malar, vev og broderer. Ho har kalla utstillinga «**Det hjarta er fylt av.**»

Kulturskulen stilte med musikk til opninga. Dei kom med ein flott bukett unge, leia av Jon Martin Skauge. Vi fekk høyra fleire nummer med gitaristar og songsolistar som alle imponerte oss. Programmet hadde stor spennvidde- frå vare viser til «Money for nothing» på elgitar. Konserten vart avslutta av bandet «Caught on fire» med «Bu på bygda». Denne låten har dei laga sjølv, og produserer no musikkvideo til. God reklame for Masfjorden.

Etter konsertdelen kunne vi gå rundt og studera utstillinga. På veggane hang det mange vakre og fargerike bilete, maleri i akryl, og bilete som var vevd. I vinduspostane stod det små skulpturar av barnehovud med kunstferdige handlaga luer på. Desse var frå eit prosjekt som Randi Hosøy tidlegare jobba med på eit dagsenter i



psykiatrien. Der kom ho i kontakt med kvinner frå 12 ulike land i verda som alle venta- t.d. på ein bustad, på ein jobb, på familie-gjenforeining eller på eit barn.

Medan dei venta, laga dei på babyluer, med mønster frå deira heimland og kultur, i samråd med henne. Dei kunne t d teikna ned sine mønster som ho broderte på luene.

Utstillinga er vel vert eit besøk. Det er ei salgsutstilling og vert ståande i fargeriet ut over sommaren. Sjå plakat neste side.



Sommarutstilling i Kvamsdals fargereri, Masfjordnes

## «Det hjarta er fylt av»



Biletkunstnar Randi Hosøy

**Søndag 14. juni 14-17**

**Søndag 21. juni 14-17:**

16:00 Konsert v/Linda Røyseth Sandhåland (vokal) og  
Bjørn Schille (gitar)

**Søndag 2. august 14-17**

**Søndag 9 .august 14-17:**

16:00: Konsert v/gitarkameratane  
Henning Hodne Mjanger og Simon S. Furnes

**Søndag 16. august 14-17**

15:45 Avslutning av sommarutstillinga  
16:00 Konsert v/Nortopia



Tekst: Lovisa Midtbø

Foto: Mary Hope

### Søndag 9.august

19:00 Konsert i Solheim kyrkje  
v/Amalie Duesund og Rune Alver



### Søndag 23.august

14:30 Bjørn West-marsjen  
Kulturprogram  
v/Stordalen fjellstove  
14:30 Lars Rognald Matre m/band  
15:15 Friluftsgudsteneste  
16:00 Minneseremoni

# SMART I SMARTARE TEKNOLOGI

6. og 7.klasse ved Nordbygda skule har vore med i konkurransen SMARTare teknologi i regi av Ungt entreprenørskap. Dei har jobba med problemstillinga “Korleis kan me få folk til å ete meir lokal produsert mat”, og ei av gruppene kom langt i konkurransen!

Emil August Reknes Larsen, William Sverre Ynnesdal, Bertin Rye Borge og Adrian Daae Lillestøl vann skulekåringa på Nordbygda skule. Gruppa og resten av elevane i 6. og 7.klasse jobba to heile skuledagar med modellane sine. Det var full jobb der alle gjorde sitt beste for å komme vidare. Gruppa som vann, fekk jobba vidare med modellen sin. Dei var ikkje med på ein einaste naturfagstime, og onsdag 18. mars presenterte dei modellen sin på helsehuset i Nordhordland og kom på førsteplass! Dei fekk eit spel og medalje som premie. Etterpå reiste dei på Burger King og fekk kvar sin milkshake. På veg heim køyrde dei forbi Fjon grendahus. Der var det mange elevar som stod langs med vegen og fekk med seg at Merethe Engelsen slo på “We are the champions” på stereoaanlegget i bilen høgt med nedrulla vindauge!

I forkant av fylkesfinalen øvde elevane som galningar! Etter mange filmingar, der Emma Midtbø filma, fekk gruppa eit godt resultat og filmen blei sendt inn 29. april.

Heile gruppa likte prosjektet og var veldig fornøgde. Dei syntest det var gøy å bygge ting og samarbeide. Når kåringsvideoen kom måndag 11. mai, venta alle i spenning på kven som hadde fått plasseringane topp tre. Tredjeplassen gjekk til Nordbygda skule! Dei var best i si problemstilling som var “Korleis kan me få folk til å ete meir lokal produsert mat”. Juryen meinte at gruppa hadde tenkt heilskap med “Drive through – slakteri, drivhus på taket, dronar som køyrte ut mat, bakeri, restaurant, marknadsplass. Når det blei sagt, så hoppa stemninga i taket og alle gratulerte gruppa som hadde vunne!

Ingrid Kristiansen frå Ungt entreprenørskap kom til skulen på fredag 29. mai. Ho ga dei ein diplom som representerte deira innsats i prosjektet. Dei blei så stolt at dei bytta ut klokka i klasserommet med diplomet sånn at alle skulle få sjå den! Ingrid spurte om gruppa hadde nokon tips til neste års 6.klasse, og Emil August Reknes Larsen svarte at dei måtte samarbeide godt og ikkje krangle.

Kanskje det elevane kjem til å ta med vidare og hugse best, er sjølvbetjeningskassa med poeng og tilbod. Når du har fått hundre og femti poeng så får du tilbod på den varen du har kjøpt. Når du har skanna ein paprika, så ser du at det er noko knappar på sida,



F.v.: Emil August Reknes Larsen, Bertin Rye Borge, Adrian Daae Lillestøl, William Sverre Ynnesdal

og når det lyser raudt kjem vara frå utlandet, gult dersom det kjem frå Norge og er usunt, og grønt dersom det kjem frå Norge, og er lokalt og sunt. Ein får 10 poeng for kvar vare ein har kjøpt eller kjøper. Ingrid og Emil August sa at dei vaksne bør høyre meir på barn og unge fordi dei kan ha viktige meiningar som kan påverke samfunnet positivt.

Rektor Geir Follesø har vore med frå start og har vore kjempeengasjert. Det var han som spurte om 6. og 7. klasse ville vere med på konkurransen.

I starten av heile prosjektet kom ikkje

---

elevane på nokon ting, men til slutt fann dei ut at dei kunne blande idear, og dei fann i tillegg på ein ny type fornybar energi! Emil August spurte Ingrid kvifor det er ulike problemstillingar i fylka, og Ingrid svarte at dei måtte finne på opne problemstillingar slik at elevane kan tenkje utanfor boksen utifrå der dei bur.

Alle elevane var nøgd med innsatsen. Mange meinte prosjektet var gøy.



Naturfaglærer Merethe Engelsen meinte at det var kjekt å jobbe praktisk, og tenke nytt og innovativt. Dommar Gerd Ingunn meinte at det var ein heilskap i modellane, og at gruppene var gode på å presentere.

**Gratulerer så mykje til gruppa som fekk 3.plass i fylkesfinalen. Totalt var det 2000 elevar som var med**

**i konkurransen. Då er det kjempegøy å vere blant dei tre beste i heile Vestland fylke!**

Tekst og foto: Eliane Haukeland Nystrand i 6.klasse og Emma Midtbø 7.klasse.

---

## FOLKEMØTE PÅ MATRE

Det vart halde ope folkemøte i gymsalen på Matre skule torsdag 28. mai. På agendaen stod mellom anna framlegget til endring av reguleringsplanen for Matre, som no er ute på høyring.

På møtet fekk dei frammøtte orientering frå representantar frå Kitebrook Campus Matre AS, ABO Plan & Arkitektur og Masfjorden kommune.

Kitebrook sin nye administrerende direktør, Cathrine Telje, deltok på møtet, og presenterte planane for datasenteret og området rundt. Ho løfta også fram mogelege ringverknader, og kva prosjektet kan bety for lokalsamfunnet framover.

Åshild Blomdal frå ABO gjekk gjennom endringsforslaga i reguleringsplanen. Deretter vart det sett av god tid til spørsmål og synspunkt frå salen. Ordføraren, administrasjonen og



representantane frå Kitebrook og ABO svara så langt det let seg gjere ut frå det som ligg føre no.

Fristen for å sende inn merknader til reguleringsplanen er 18. juni. Førebels er planen å leggje saka fram for handsaming i kommunestyret 30. juni.

Les gjerne framlegget til endring i reguleringsplanen på heimesida, under kunngjeringar og høyringar.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Masfjorden kommune

# MOLLANDSEIDBRU – OPPSTART I HAUST

Ny bru skal gi god framkomst og tryggleik. Eksisterande bru er i dårleg stand og skal erstattast med ei tofeltsbru.

Vestland fylkeskommune opplyser på si heimeside at prosjektet er under prosjektering.

Prosjektet inneber riving av eksisterande Mollandseid bru, bygging av ny bru, justering av veg-geometri på kvar side av brua, samt mindre utvidingar og tilpassingar mot terreng langs sørsida av Masfjordvegen.

Hovudtiltak knytt til flytting av bru vil gjelda ein strekning på om lag 150 meter. Anleggsarbeidet vil innebera blant anna riving, graving, betongarbeid og sprenging.

I følgje fylkeskommunen er det sett strenge miljøkrav til alle arbeida i og ved Mollandselva.

Arbeidet omfattar også tiltak for å betra fiskevandringa i Mollandselva, etter at ny bru er bygd og den gamle er riven.

Prosjektet nærmar seg utlysing til aktuelle entreprenørar på Doffin-basen, og frist vert sannsynlegvis sett rundt slutten av august. Planlagt oppstart i haust fortel byggjeleiar Hogne Nygård.

Oppe til høgre vert det vist byggjeteikning av sjølvje brudelen i prosjektet. I samband med prosjektet har Masfjorden kommune og Vestland fylkeskommune inngått ein spleiseavtale som gjer at det også vert gjennomført to vegutbetringar to stadar nær bruprojektet. Den eine vegstrekninga går forbi landbrukstunet



på Reknes, og den andre er fortsetting oppover bakken heilt til avkøyring til Masfjordvegen 91, som ligg cirka 600 meter frå brua. Kommunestyret løyvde i møte den 30. april inntil 4 million kroner som tilskot til desse to vegutbetringane. Desse to punktutbetringane er av fylkeskommunen kostnadsvurdert til 8,7 mill. i 2026 kr. inkl. meirverdiavgift.

Tekst: Sveinung Toft

## BORGARLEG VIGSLE



09.05.2026  
Wenche Areklett og  
Jørn Ingolf Areklett

# KORLEIS VERT DU VARSLA VED EI KRISE?

Dersom det skulle oppstå ei beredskapskrise vil kommunen varsle gjennom heimesida og på Infoskjermene som heng på Spar Hosteland, på nærbutikken på Kvingo og på kommunehuset. I samband med Infoskjermene vert det og varsle gjennom kommune-appen Infoskjermen GO.

Nasjonale styresmakter vil kome med informasjon gjennom NRK radio og fjernsyn. Ein viktig del av eit beredskapslager er batteridreven DAB-radio. Dersom du vaknar utan straum og mobilsignal vil første råd vera å lytta til NRK1 på radioen.

## SMS-varsel

Det kan verte behov for å varsle direkte ut mot våre eigne innbyggjarar. Då kan kommunen senda ut varsel i form av ei tekstmelding, som går ut til alle som er registrert med adresse i Masfjorden. Eit slikt varsel vil vera ei kortfatta melding om kva som er hendt, kva du kan gjere og kvar du kan finna meir informasjon.

## Varsel frå politiet


Av og til er situasjonen så alvorleg at politiet sender ut SMS-varsel til innbyggjarane. Politiet kan og nytte naudvarsel for å varsle stort. Det er den same funksjonen som hadde nasjonal varslingsstest onsdag 10.juni.

## Alternativ varslingsmetode

Dersom det er straumbrot vil det verte behov for alternative varslingsmetodar frå kommunen. Det kan vere handskrivne plakatar som vert køyrd ut og hengt opp på dei etablerte oppslagstavlene rundt om i kommunen. Eit naturleg samlingspunkt i ein slik situasjon vil vere lokalbutikkane, dersom ikkje anna vert meldt over radiosambandet.

Pr. i dag er det ikkje informasjonsskjerm på Joker Haugsvær. Dette er på grunn av det pågåande arbeid ved og rundt butikken. Når byggjeperioden er over vil det verte monterte skjermar også i Indrefjorden. Til dess oppmodar me innbyggjarar i Indrefjorden å lasta ned appen Infoskjermen GO, der ein får same type informasjon som på skjermen.

## TOTALBEREDSKAPSÅRET 2026



## Tilgang via app

Infoskjermen kjem også med ein app

### -Infoskjermen Go.

Om du lastar ned denne appen på mobiltelefonen din, vil du få tilgang på mykje av det same innhaldet som vert vist på skjermene.



For å legge til Masfjorden kommune må du scanne QR-koden over, eller skriva inn koden: **STOLT**

# KONTAKTINFORMASJON



## KYRKJA

Tlf. 56 16 62 61

e-post: [post@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:post@kyrkjaimasfjorden.no)

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes

Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515

E-post [kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no)

Sokneprest: Bjørn Dalsgård Nygård

Tlf. 56 16 62 63 / 412 59 586

E-post: [bn458@kyrkja.no](mailto:bn458@kyrkja.no)

Sekretær/kyrkjetenar Frøyset: Tetiana Puliaieva

Tlf. 56166269/925 15 855

E-post: [tetiana.puliaieva@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:tetiana.puliaieva@kyrkjaimasfjorden.no)

Organist: Boris Kuprijanov

Tlf. 920 60 993

E-post: [kuprbor@gmail.com](mailto:kuprbor@gmail.com)

Konfirmantmedarbeidar:

Halvard Werner Gullaksen,

Tlf.: 902 14 307

E-post: [halvard.werner.gullaksen@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:halvard.werner.gullaksen@kyrkjaimasfjorden.no)

[kyrkjaimasfjorden.no](mailto:kyrkjaimasfjorden.no)

Kyrkjegardsarbeidar: Remi Kallekleiv

Tlf. 941 43 716

[www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no)

Vipps Masfjorden sokn: 620513

## FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending  
10 dagar etter fristane: 08.09 og 17.11

Notér datoen i årshjulet  
for organisasjonen din.

Få med førehandsomtale  
og del gjerne bilete og minneverdige  
stunder frå hendinga i etterkant,  
slik at folk i bygdene kan få  
eit innblikk i det som skjer.

## MASFJORDEN KOMMUNE

Telefon: 56 16 62 00

Epost: [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

Post- og besøksadresse:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

[www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)

## ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

[sveinung.toft@masfjorden.kommune.no](mailto:sveinung.toft@masfjorden.kommune.no)

[frank.kvinge@masfjorden.kommune.no](mailto:frank.kvinge@masfjorden.kommune.no)

[mary.hope@masfjorden.kommune.no](mailto:mary.hope@masfjorden.kommune.no)

[sigrun.haugsdal.reknes@](mailto:sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no)

[masfjorden.kommune.no](mailto:masfjorden.kommune.no)

[eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no)

Formgjeving: Mary Hope

